

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Bremanger kommune

Utval: **Kontrollutvalet - Bremanger kommune**
Møtedato: **27.05.2013**
Møtetid: **11.00 – 15.00**
Stad: **Formanskapssalen**
Møtenr.: **03/2013**
Innkalling: **Faste medlemmer i utvalet. Revisor i sak (015/13 – 018/13) og sak (025/13 - 026/13), Rådmanne i sak (015/13 – 024/13)**

-andre:

Melding til: **Ordfører(møte- og talerett), revisor(møte- og talerett) og vararepresentantar (Vararepresentantar møter berre etter nærmare innkalling).**

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762 eller på e-postadresse: vidar.ovrebo@sekom.no

SAKLISTE

Sak 013/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 014/13 Skriv og meldingar.
Sak 015/13 Årsrekneskapen – Bremanger kommune.
Sak 016/13 Frøysjøterminalen KF- Årsrekneskapen 2012.
Sak 017/13 Bremanger Hamn og Næring KF – Årsrekneskapen 2012.
Sak 018/13 Svelgen idrettshus – Årsrekneskapen
Sak 019/13 Bremangerhallen – Årsrekneskapen 2012.
Sak 020/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren»
Sak 021/13 Orientering om avvik i høve Fylkesmanne sitt tilsyn med barnehagane.
Sak 022/13 Orientering - Tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn.
Sak 023/13 Orientering – Skatteoppkrevjaren.
Sak 024/13 Orientering om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.
Sak 025/13 Overordna analyse – Plan for forvaltningsrevisjon – Bremanger kommune.
Sak 026/13 Retting av opplysningar i brev til Fylkesmannen.
Sak 027/13 Oppfølgingsliste-2-2013 – Bremanger-

Svelgen 16.05.2013

for kontrollutvalet i Bremanger

Harry Gulestøl (s)
Leiar



Vidar Øvrebo

Sekom-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

013/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

014/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	15.05.2013	014/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 08-13 Kst sak 23/13 «Kontrollutvalssak 003-13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 Bremanger.
- SM ~~08~~-13 E-post den 16.05.2013 frå Terje Førde i KRYSS-revisjon til Vidar Øvrebø i SEKOM-sekretariat – «Kvalitetskontrollar av KRYSS-revisjon», med vedlegg.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

SM 08-13



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	26.04.2013	023/13	TOM

Avgjerd av: Saksansv.: Tom Joensen	Arkiv: K1-216	Arkivsaknr.: 13/490
--	-------------------------	-------------------------------

Kontrollutvalsak 003-13 Plan for forvaltingsrevisjon 2013 - 2016 Bremanger kommune

Dokumentliste:

Vedlegg :

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.02.2013	Asgeir Tveit	Kontrollutvalsak 003-13 Plan for forvaltingsrevisjon 2013 - 2016 Bremanger kommune

Dok.nr	Tittel på vedlegg
69637	Plan for forvaltningsrevisjon 2013-2016.pdf
69772	Kontrollutvalsak 003-13 Plan for forvaltingsrevisjon 2013 - 2016 Bremanger kommune

- Kontrollutvalet sitt framlegg til plan for forvaltningsrevisjon 2013-2016

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommuneloven
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004
- Forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004

Kva saka gjeld:

Godkjenning av framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune 2013-2016.

Bakgrunn for saka:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Saksutgreiing:

Plan for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverk vert etterlevd*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenelege*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd. "*

I kontrollutvalsmøte 28.11.12, sak 028/12 "Overordna analyse» vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontrahering av nybygg og anlegg
- Innkjøp/inngåande fakturaer
- Kontroll av lønsområdet i kommunen, «All over eller sektorvis»
- KOSTRA – til hjelp i planlegging og styring
- Sjølvkostberekningar
- Kontroll av lønsområdet – bruk av timelister
- Evaluering av NN samarbeid
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå
- Budsjettprosess/fordeling av ressursar
- «Korrekt handtering av din sak»
- Oppfølging av vedtak i Bremanger kommune
- Gjennomgang av innkreving av eigedomsskatt
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordningar
- Sjukefråværet – årsak og samanhengar
- Økonomistyring
- Vurdere IT/IKT samarbeid
- Sjukefråværet

- Bruk av eigenmeldingar
- Fråværsregistrering
- Personar på timelister
- Sikring og bruk av kunst
- NoMil
- Organisering av legeordninga
- Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Bremanger kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene
- Generell og spesiell sakshandsaming
- Sakshandsaming, vedtak og svargjeving

På grunnlag av den overordna analysen skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltningsrevisjon som den skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4–6 prosjekt frå prosjekt frå ei forslaga som ligg ovanfor, ev. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagd utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2013-2016.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune for perioden 2013-2016
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Prosjektrapportering og oppfølging
 2. Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving

Før vidare rapportering av aktuelle prosjekt, får kontrollutvalet orientering om følgjande område:

- Avvikshandtering
- Sjukefråværet – årsaker og samanhenger
- Lege- og legevaktordninga
- Barnevern
- Innkjøpsrutinar
- Taksering av eigedomsskatt; verk og bruk
- Sikring og bruk av kunst

- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

26.04.2013 Kommunestyret

KST-023/13 Vedtak:

Saka vart utsett.

.....

SM 09-13

Øvrebø Vidar

Fra: Førde Terje
Sendt: 16. mai 2013 12:21
Til: Øvrebø Vidar
Emne: Kvalitetskontrollar av KRYSS Revisjon
Vedlegg: Kvalitetskontroll 2010, i 2011, rek.revisjon.pdf; Forvrev kvalitetskontroll 2010, i 2011.pdf; Kvalitetskontroll rekvisjon 2011, i 2012.pdf

Vedlagt følger følgjande kontrollrapportar:

- Kvalitetskontroll forvaltningsrevisjon 2010, utført i 2011 gjeldande:
 - Sjølvkostområdet VAR-sektoren, 2010, utført i 2011, Gaular kommune
 - Bemanning og ressursbruken innan Pleie og Omsorg, 2009/201, utført i 2011, Førde kommune
- Kvalitetskontroll finansiell revisjon (økonomi/rekneskapsrevisjon), 2010, utført i 2011, Flora kommune
- Kvalitetskontroll finansiell revisjon (økonomi/rekneskapsrevisjon), 2011, utført i 2012, Førde kommune

Saman med endelege rapportar følger også våre tilsvaret til rapportane.

Men det gjeld rapportane for kvalitetskontrollane som er utført hos oss i 2011, meiner vi at desse er oversende til deg, men vi konstaterer at desse ikkje er kome fram eller handsama

Vi har som praksis at denne type dokument er å ansjå som bedriftsinterne dokument, som vi skal ha kontroll på, og som ikkje skal kunne nyttast til andre føremål enn i tilsynsøyemed frå angjeldande kommune sitt kontrollutval si side.

Dersom rapporten er av ein slik karakter at den vil vere kompromitterande for kontrollobjektet (kommune, føretak, fellesråd, stifting, legat, IKS, etc.), som har vore gjenstand for kontroll, frå ekstern kvalitetskontrollør si side, kring vårt arbeide, vil vi ikkje tillate at den type kontrollrapport blir førelagt andre enn det kontrollutval som har eit tilsynsansvar med desse. Den respekt må eitkvart kontrollutval ha for slike.

Det er også vår oppfatning at denne type kontrollrapportar ikkje skal nyttast eller på noko anna vis kunne misbrukast i andre samanhengar, men kun nyttast som informasjon innafor kontrollutvalet sin tilsynsfunksjon med den kommunale revisjon. Eitkvart medlem i Kontrollutvalet og kontrollutvalet sitt sekretariat er bunden til sin teleplikt for den kunnskap denne type rapportar gjev i det gjensidige tillitsforholdt mellom kontrollutvalet, sekretariatet og revisor.

Vi er innforstått med at det kan vere vanskeleg for legfolk å forstå innhaldet i denne type dokument. Vi vil derfor tru at det er nødvendig at revisor er til stades når denne type dokument skal gjennomgåast og/eller forklarast.

Vi vil minne om at det ligg ikkje til kontrollutvalet eller sekretariatet å gjere vurderingar eller dra konklusjonar som grip inn i dei revisjonsfaglege vurderingar som er gjort av kontrollør eller kontrollert revisor. Det er heller ikkje kravd at utvalet skal ha slik kompetanse for å vurdere dette. Kontrollutvalet har ein tilsynsfunksjon og eit på-sjå-ansvar her. Det er andre som tek seg av oppfølginga av dei feil, manglar og avvik som måtte kome fram i denne type kontrollrapportar. Akkurat det ligg utanfor den kommunale tilsynsmyndigheita sitt mandat og oppgåve.

Vi vurderer dei kvalitetskontrollrapportar som vi har fått til no, og som vi oversender her, er av ein slik karakter at det ikkje vil vere kompromitterande for angjelde oppdrag som den eksterne kvalitetskontroll har sett fokus på, ved kontroll av vår revisjonsstrategi og vårt revisjonsarbeid overfor desse. Vi har ein praksis på at kvalitetskontrollrapportane skal ha vore til handsaming i KRYSS Revisjon sine styrande organ, før ein evt frigjev desse i tilsynsøyemed frå det angjeldande kontrollutval.

Rapporten frå utført kontroll i 2012, var til handsaming i vårt Samstyret den 14.05.13, og er på vanleg måte teke inn i sakspapira våre i det møtet. Tilsvarende var teke inn i sakspapira til Arbeidsutvalet, i møte den 17.04.13. Desse

sakspapirene vert også sende til alle eigarkommunane, ved at både ordførar og rådmann har møte og talerett i Samstyret sine møter. Vi har valgt å sende med også denne rapporten i denne forsendelsen. Tilsvarande har også tidlegare vore gjort for andre rapportar. Vi kan her nemnde at dei tidlegare rapportane har vore til handsaming gjennom våre organ, Arbeidsutvalet og Samstyret, på vanleg måte, og er også oversendt kommunane også tidlegare. Etter vår oppfatning har denne type praksis har vore sidan den eksterne kvalitetskontrollen vart innført overfor den kommunale revisjon, og slike rapportar har heilt tilbake til 1993 vore til handsaming i det kontrollutvalet og den kommune/oppdraget som kontrollrapporten gjeld.

KRYSS Revisjon sine årsrapportar omtalar ekstern kvalitetskontroll og ein har alltid hatt det som praksis å omtale dette overfor kontrollutvala når den type spørsmål og/eller informasjon er på dagsorden.

Frå vår side er det ønskjeleg at denne type dokument vert innsamla og makulert etter bruk. Vi ber om forståing for dette, og viser til det særskilde ansvaret som kviler på det einkilde kontrollutvalsmedlem og sekretariatet kring dette.

Vi tør be om å få ei tilbakemelding på at denne e-posten med tre filvedlegg er motteken av SEKOM-Sekretariat. Vi tør også be om at den informasjon som er i denne e-post blir formidla til det einkilde kontrollutval, og at rapportane blir handsama og arkivert på betryggande vis.

h
KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no





Dato: 11.11.2011 Oll:
Sak nr. 114/2011 Regnr.:
Arkiv: 216
Avd.kode: 1499
Selskandsamar 8.8.

Rapport etter utført kvalitetskontroll – regnskapsrevisjon

Referansenummer: 1107

Kontrollert periode: 2010

A. Innledning

Revisjonsselskapet er et interkommunalt interkommunalt selskap iht. IKS-loven. De utfører revisjon av 11 eierkommuner. I tillegg er det en del mindre revisjonsoppdrag på bl.a kommunale foretak, stiftelser, kirkelige fellesråd og IKS i samarbeidskommunene. Enheten har 8 ansatte (7,5 årsverk). Selskapet er organisert med eit hovedkontor, og to regionkontor. Dei tilsette har forskjellig oppmøtestad.

A.1 Beskrivelse av kontrollen

Kvalitetskontrollkomiteen hadde varslet om kvalitetskontrollen og selskapet sendte etter dette inn etterspurt dokumentasjon på skjema A og B. Den dokumentasjonen som ble etterspurt ble oversendt meg før den stedlige kontrollen ble gjennomført.

Kontrollen ble gjennomført ved hovedkontoret 22. september 2011.

Jeg hadde gjennomgått system for kvalitetskontroll på forhånd. Innledningsvis hadde vi ein liten samtale der nødvendig informasjon om system/opplegg og andre relevante forhold vart belyst. Jeg gikk deretter gjennom eit kommuneoppdrag. Alle dokumenter og opplysninger som ble etterspurt under kontrollen ble lagt fram, men det viste seg å vere utfordringar til dette med dokumentasjon, jfr. pkt. C.

Kontrollen ble avsluttet med en muntlig gjennomgang med selskapet om resultatet av kontrollen, samt opplegg for vidare oppfølging/slutføring av kontrollen.

B. Internkontroll i revisjonsselskapet

B.1 Omfang av kontrollen

Som grunnlag for kontrollen ble følgende dokument gjennomgått:

- Skjema A
- Skjema B

B.2 Observasjoner

Mangler: Ingen

Vesentlege manglar og avvik: Ingen

B. 3 Konklusjon

Enheten sin organisering og interne kontrollsystem er tilpasset størrelsen på virksomheten, og tilfredsstillende kravene i ISQC 1.

C. Kontroll revisjonsoppdrag

C.1 Omfang av kontrolløren

Jeg har sett på gjennomføring av revisjonsoppdraget for en av eierkommunene. Revisjonssjefen er oppdragsansvarleg, og det har vore to medarbeidarar på oppdraget. Revisjonsenheten brukar NKRF sin metodikk.

C.2 Observasjoner

Revisjonseininga har utarbeida revisjonsstrategi (forståelse av virksomheita, innhenta vurderingar frå leinga vedk. misligheter, risikovurdering, fastsetting vesentlegheitsgrense mv). På bakgrunn av dette, er det utarbeida revisjonsplaner som detaljert angir hva som skal utførast av handlingar.

Iflg. revisjonseininga sitt eige kvalitetssystem, skal det m.a. benyttast eit revisjonsnotat som beskriv kva som er gjort, beskrivelse av kontroll/omfang mv. Kontrolløren registrerte at i fleire tilfeller mangla dette.

Manglande dokumentasjon, spesielt av årsoppgjershandlingar, baud på utfordringar i kontrollen. Det var utarbeida revisjonsplan for årsoppgjershandlingane, men i utgangspunktet var lite dokumentert. Kontrolløren har i ettertid fått tilsendt ytterlegare dokumentasjon.

Revisjonseininga nyttar ein del inspeksjonar/observasjonar i samband med årsavslutninga (ser på kva kommunen har gjort), uten at det vert utarbeida nokon form for dokumentasjon (notat e.l.).

Revisjon av Flora kommuen for 2010 var prega av at ein tilsett hadde permisjon, og at ein hadde vikar inne. Når vedkomande vikar slutta, vart brukaren sletta i m.a. e-post system. Det kan derfor vere at det kan ligge dokumentasjon her som det ikkje er muleg å få ut.

Mangler: Ikkje innhenta tilstrekkelig revisjonsbevis, jfr. ISA 500 pkt. 6.

Manglar vedk. revisjonsdokumentasjon, jfr. ISA 230 pkt. 8 og 9

Vesentlege manglar og avvik: Ingen

C.3 Delkonklusjon

Det er ikke avdekket vesentlige mangler i revisors planlegging eller gjennomføring av revisjonsoppdragene.

C.4 Forbedringspunkter

Enheten kan bli bedre på å dokumentere vurderinger som er gjort når ein velger å bygge på tidlegere revisjoner, jfr. ISA 330 pkt 14.

Det er vidare eit forbedringspotensiale på å definere utvalgsriterie, representativitet mv ved utvalgtesting iht ISA 530 pkt. 31.

Revisjonseininga har innhenta uttalelsar frå leiinga vedk. misligheter, men det er ikkje nemnt noko om nærståande partar. Enheita bør vurdere å få dette temaet inn i sin forespørsel til kommunen, jfr. ISA 550, pkt. 13.

Enheten bør vidare vurdere om fastsett vesentlegheitsgrense vedk. skatt/avgift er i samsvar med SA 3801.

D. Særleg omtale av fokusområder fra årets kontroll

Fokus for årets kontroll var misligheter, den røde tråd og estimer.

Misligheter

Revisjonsenheten har gjort vurderingar i planleggingsfasen mht. misligheter iht. ISA 240. Kartlegginga er omfattande, og resultatet av denne er implementert i seinare valg av revisjonshandlingar.

Rød tråd

Det er i hovudsak rød tråd gjennom hele revisjonsprosessen; frå overordna strategi, planlegging, utførte handlingar og konklusjon. Jfr. likevel manglar vedk. dokumentasjon nemnt ovanfor.

Estimer

Enheten har vurdert estimer lagt til grunn i regnskapsinformasjonen.

Det er ikkje innhenta saldobekreftelse kunder, og det er ikkje gjort vurderingar kring dette slik revisjonsplanen tilsa. Det er imidlertid utført alternative revisjonshandlingar for å underbygge kommunen sin påstand.

Estimat vedk. ressurskrevande brukere er vurdert mot «virkeleg verdi» ved attestasjon.

D. Generelle kommentarer

Revisjonsenheten var svært positiv og åpen for kvalitetskontrollen og den ble gjennomført med stor grad av samarbeidsvilje fra enheten sin side.

E. Totalkonklusjon

Revisjonsenheten er innenfor rammen av god kommunal revisjonsskikk på vesentlege punkter, sjølv om det er avdekka manglar. Sistnemnte må sjåast i samanheng med ein problematisk bemanningssituasjon i 2010, som er av forbigåande art.

F. Medgått tid

Kontrollen med forberedelser og rapportskriving har medført et arbeid på om lag 28 timer. I tillegg kommer nødvendig reisetid.

G. Kommentarer fra revisjonsenheten

Revisjonsenheten har i brev datert 09.11.2011 gitt sine kommentarer til rapporten. Tilbakemeldingen ligger som vedlegg til rapporten.

Larsnes, 10. november 2011

Halldis Moltu
-kvalitetskontrollør-

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Furde, Mobil: 99 22 92 27
terje.furde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

NKRF's Kvalitetskontrollør
Halldis Moltu
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS
Postboks 143,
6065 ULSTEINVIK

Dyktar ref:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
E-post 07.11.11 m/forebels rapport kvalitetskontroll 2010	\\kvalitetskontroll\tilsvar rapportutkast d.091111	216 & 30	074 / 2011	9. november 2011

KRYSS REVISJON sine kommentarar til Rapport etter utført kvalitetskontroll - finansiell revisjon, Rapportutkast, d. 07.11.2011.

Vi har motteke utkast til rapport, d. 07.11.11, etter gjennomført kvalitetskontroll for finansiell revisjon for eitt kommuncoppdrag i vår oppdragsportefølgje, jfr. Dyktar referansenr. 1107, kontrollperiode; år 2010.

Vi tek utkastet til rapport til vitande, og velger å kommentere følgjande:

Av rapporten går det fram at det under punkt B, '*Internkontroll i revisjonsselskapet*', ikkje er avdekka manglar eller vesentlege mangler eller avvik, og at konklusjonen er at vår organisering og våre interne kontrollsystem er tilpassa storleiken på verksemda, og at dette tilfredstillar kravene som er stilt i den internasjonale standarden for kvalitetskontroll; ISQC 1

Når det gjeld punkt C, *kontrollert revisjonsoppdrag*, så står det at det er manglar i vår dokumentasjon i høve årsoppgjershandlingar, men at tilsvarande ikkje er kommentert når det gjeld den løpande revisjon gjennom året. Kontrolløren fekk tilsendt etterspurd dokumentasjon kring årsoppgjeret i ettertid av stadleg kontroll. Dette er sjølv sagt ikkje heldig, men vi viser til at kontrollen vart gjennomført i Førde, medan revisjonshandlingane på oppdraget låg på regionskontoret i Florø, og berre var delvis tilgjengelege i Førde. Allereide for 2011 dokumenterer og linkar vi revisjonsbevis med bl.a. hyperkoplingar til kontrollpunktta i planverket, og har desse meir tilgjengelege elektronisk. Vi reknar med at kontrolløren fekk svar på sine spørsmål kring årsavslutninga med ettersendinga. Vi meiner at vi har hatt tilstrekkeleg med revisjonsbevis og dokumentasjon for å oppsummere og trekke dei konklusjonar vi har gjort i oppdraget for 2010. Kontrolløren har observert og korrekt skrive i sin rapport at (sitat) *det er utarbeida revisjonsplaner som detaljert angir hva som skal utførast av handlingar*, (sitat slutt). Kontrolløren sin konklusjon er at "*det er ikke avdekket vesentlige mangler i revisors planlegging eller gjennomføring av revisjonsoppdragene*".

Når det gjeld punkt D så er det konkludert med at det er ein gjennomgåande rød tråd i heile revisjonsprosessen.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strømdgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Forde, Jolster, Naustdal, Gaular
Forde kommune, Halstadvegen 21, 6800 Forde
Postboks 487, 6801 Forde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Når det gjeld vår innhenting av uttale frå rådmannen kring kommunen sine vurderingar kring risikoen for misleghald, m.v., så kan vi opplyse om at vi *har vurdert* å få rådmannen til å nemne noko kring *nærstående partar* til kommunen, og at vi allereide no har *innarbeidd* dette i skrivet som vil gå ut for komande revisjonsår.


Når det gjeld vesentlegheitsgrense for skatt/avgift, så har vi ein praksis på at det er ei klart lavare grensen enn elles i det praktiske revisjonsarbeidet (ref.. SA 3801). Vi ser at dette bør nedteiknast og formaliserast i plandokumentasjonen også.

Vi takker for samarbeidet kring kontrollen av vår verksemd kring finansiell revisjon, og i det vi viser til ovanforståande tek vi innhaldet i utkast til rapport inn i eit læringsperspektiv hos oss. Vi imøteser endeleg rapport så snart den ligg føre.

Florø den 9. november 2011

Med helsing

Revisjonskontroll og
Oppdragsansvarlig
Tlf: 487 6301


Terje Førde
Oppdragsansvarlig
Dagleg leiar/Revisjonssjef


Trine Vokuhl
Kommunerevisor I



Rapport etter utført kvalitetskontroll – forvaltningsrevisjon

Kontrollert enhet

Referansenummer: 1107

Kontrollert periode: 2010

A. Den kontrollerte enheten

Den kontrollerte revisjonsenheten er et interkommunalt selskap som har ansvar for revisjon av 11 kommuner. To ansatte arbeider med forvaltningsrevisjon (hvorav en er oppdragsansvarlig) og 5,5 årsverk er tilknyttet regnskapsrevisjon. Kvalitetskontrollen ble utført med innhenting av forhåndsinformasjon og stedlig kontroll i enheten.

B. Gjennomføring av kontrollen

Det stedlige kontrollbesøket ble gjennomført 12. oktober 2011 og ble gjennomført i møte med enhetens leder, oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor og forvaltningsrevisor. Det ble først tatt en gjennomgang omkring innsendt informasjon i kontrollskjema A og B. I tillegg ble to forvaltningsrevisjonsprosjekt kontrollert og gjennomgått. Det første prosjektet nedenfor er utført av oppdragsansvarlig, for det andre er utførende revisor sluttet i selskapet. Gjennomgangen ble foretatt med utgangspunkt i skjema D.

Arbeidspapirer og annen dokumentasjon var organisert i egne mapper. Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor tilfredsstiller kompetansekravet. Revisjonsenheten har egen opplæringsplan.

C. Internkontrollsystem

Kontroll av selskapets internkontrollsystem baserer seg på utfylt skjema B, samtaler og dokumentasjon ved stedlig kontroll. Det er etablert praksis og maler for gjennomføring av ulike elementer i prosessen i tilknytning til revisjonsprosjektene. Man har også en rutine for gjennomlesning av prosjekter av daglig leder/sidemannskontroll. Det er fra i år innført et eget internkontrollskjema.

D. Utvalgte prosjekter

De utvalgte prosjektene var – Selvkost VAR, og Bemanning og ressursbruk innen pleie og omsorg. De to kontrollerte prosjektene ansees å være gjennomført i henhold til RSK 001.

Selvkost VAR

I kontrollskjema E er det imidlertid anført som mangler (mindre avvik) at:

- Det mangler eksplisitt utledning av revisjonskriterie i problemstilling 2. Problemstillingen er likevel besvart.

Særlig omtale av fokusområde for årets kontroll – Rød tråd i prosjektet; sammenheng mellom problemstillinger, revisjonskriterier, data, vurderinger og konklusjoner:

- Rapporten er enkel og oversiktlig. Med unntak av forholdet nevnt ovenfor, er det ikke vesentlige forhold å kommentere.

Bemanning og ressursbruk innen pleie og omsorg

I kontrollskjema E er følgende forhold kommentert:

- D 4.2 Problemstilling 3, andre ledd, er lite besvart.
- D 4.3 I problemstilling 3, er kapitlene 9.2.5 og 9.2.6.1 ikke svar på problemstillingen
- D 8.1 Det er ikke grunnlag for revisors vurdering i avsnitt 7.2.1, rapp side 22
- D 10.2 I noen tilfeller er anbefalingene vel detaljert, eks på side 39. Detaljoppskrift på hvordan forholdet skal utføres.

Særlig omtale av fokusområde for årets kontroll – Rød tråd i prosjektet; sammenheng mellom problemstillinger, revisjonskriterier, data, vurderinger og konklusjoner:

I sin uttalelse til rapporten sier rådmannen følgende: "Eg vil først gje uttrykk for at dette er ein svært krevjande rapport å gje ei god tilbakemelding på." Dette er også kontrolløren sin oppfatning. Noe av årsaken til dette er (som også kommentert av utførende revisor) at bestillingen er komplisert ved at det nærmest er tre forvaltningsprosjekter i ett prosjekt.

Det må sies å være en "rød tråd" i rapporten og at problemstillingene i hovedsak besvares. Når rapporten likevel oppleves som "svært krevende" henger det etter kontrollørs oppfatning i tillegg til det ovennevnte, sammen med følgende forhold:

- I problemstilling 2, utledes revisjonskriteriet først i vurderingsdelen, hva som er presisjonsnivået i turnusen (avsn 8.2.2.1)
- Det gjøres i Kapittel 4 Revisjonskjelder og –kriterium, greie for disse over 7 sider, i tillegg til at det eksempelvis i problemstilling 3, er ytterligere ca 4 sider med utledning av kriterier. Disse er plassert i faktakapittelet og har en glidende overgang til fakta i samme kapittel
- Som vist til i forhold til skjema E, er det to avsnitt som ikke er svar på problemstillingen

E. Generelle kommentarer

Det har vært et godt samarbeid med revisjonsenheten både før og under kontrollbesøket. Enheten har fremlagt etterspurt dokumentasjon og fremstår som å ha rutiner og maler for sikring av at forvaltningsrevisjonsprosjekter skjer i tråd med RSK 001. I forhold til vurderinger angående rapporten Bemanning og ressursbruk pleie og omsorg, var revisor og kontrollør uenig om flere forhold. Oppdragsansvarlig for forvaltningsrevisjon har signert skjema E i forhold til de funn som er påpekt angående prosjekt Selvkost VAR. Utfylt skjema E for det andre prosjektet ble sendt ut med høringen av rapporten. Det ble ikke tid til å fylle det ut på stedlig kontroll.

F. Total konklusjon

Som det fremgår ovenfor oppfylder de undersøkte prosjektene kravene for å godkjennes som forvaltningsrevisjon etter RSK 001.

Totalt sett er det min konklusjon at enheten driver forvaltningsrevisjon i tråd med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

G. Medgått tid

Det er brukt ca en arbeidsuke på kontrollarbeidet, inklusiv stedlig kontroll, reisetid (en dag) og rapportskriving.

H. Tilbakemelding fra undersøkt virksomhet

Utkast til rapport ble oversendt til kontrollert enhet 17.10.2011, med 14 dagers kommentarfrist. Enheten svarte i brev mottatt 31.11.2011. Svarbrevet er vedlagt rapporten.



Svein Erik Moholt
Kontrollør forvaltningsrevisjon

Bodø, 2. November 2011

Salten Kommunerevisjon IKS
v/Svein Erik Moholt
Torggata 10, Postboks 140,
8201 FAUSKE

Dyktar ref.:
Rapportutkast 17.10.11/
Kvalitetskontroll 2010

Vår ref.:
\\kvalitetskontroll
Forvaltningsrevisjon 2010

Arkivkode:
216

Journalnr.:
061 / 2011

Dokumentdato:
31. okt. 2011

Kryss Revisjon sine kommentarar til Rapport etter utført kvalitetskontroll – forvaltningsrevisjon. Referansenr 121011 – Kontrollert periode 2010.

Når det gjeld forvaltningsrevisjonsrapporten vedr. *Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren* tek vi dei kommentarar som vert gjeve frå kontrollør til etterretning.

Kryss Revisjon har følgjande kommentarar til Rapporten etter utført kvalitetskontroll – forvaltningsrevisjon, avgrensa til *Bemannings og ressursbruk innan pleie og omsorg, Førde kommune*.

1) Kontrollør uttalar i kontrollskjema E, under D4.3: I problemstilling 3, er kapitlene 9.2.5 og 9.2.6. ikke svar på problemstillingen.

Kontrollør var på stadleg kontroll bestemt på at delkapittel 9.2.5, som i overskrifts form omhandlar *Mogelege forklaringar på sviktande administrativ rapportering* – og delkapittel 9.2.6, som i overskrifts form heiter *Rapportering frå rådmann til politisk nivå*, ikkje har noko med problemstillinga å gjere, og såleis ikkje burde ha vore omtala i det heile. Dette synet målber kontrollør også i kontrollskjemaet.

Som formidla av forvaltningsrevisor til kontrollør på stadleg kontroll, så er det eit tankekors at kontrollør hevdar at desse delkapitla ikkje har noko i rapporten å gjere. Forvaltningsrevisor, som har arbeidd med dette materialet i fleire månader, deler ikkje synet til kontrollør på dette punktet.

Vi meiner tvert imot at begge desse delkapitla har mykje føre seg: Mellom anna for å gjere rapporten nyttig for dei politiske organa som skal handsame rapporten; og i sin tur for rådmannen som leiar for eininga som er kontrollert og følgjeleg ikkje spesielt for kontrollør som kanskje har RSK 001 som einaste fasit (jf meir om dette nedanfor). Ein slik skjønsmessig handlefridom og vurdering som dette i praksis er, er ikkje slik vi ser det, opp til kontrollør å ta frå rapportskrivar!

Meir konkret tykkjer vi at dei refererte delkapitla, *er med på å svare på problemstilling 3, andre ledd* (som omhandlar praksis for rapportering av vesentlege avvik i høve til budsjett) – men som kontrollør altså meiner er *underfokusert* på i rapporten (jf eigen merknad om dette i punkt; D.4.2).

Til det kjem, etter Kryss Revisjon sitt syn, at det må vere legitimt, (slik rapporten elles er bygd opp og dei tematikkar som er omhandla knytt til det som syner seg å vere ein praksis med mangelfull rekneskapsrapportering), også, kort, å kunne røyve ved kva som kan vere med på å forklare denne praksisen (sett opp i punktuert form i del 9.2.5) – samt syne kva konsekvensar ein slik praksis kan ha for hopehav mellom administrasjon og politikk. Dette, spesielt sidan det som vert skrive her ikkje er nye, sjølvstendige tematikkar, men i mangt og mykje heller er ei *utdjuping* av sider som alt er omtalt. Vi syner i denne samanhengen spesielt til ordlyden i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v § 7, a-f, som omhandlar forvaltningsrevisjonens innhald.

2) Kontrollør uttalar i kontrollskjema E, under pkt D8.1: Det er ikke grunnlag for revisors vurdering i avsnitt 7.2.1, rapp side 22.

Kryss Revisjon deler ikkje no – og gjorde det ei heller då kontrollør hadde stadleg kontroll i Førde – kontrollør sin kritikk av våre vurderingar av KOSTRA-tala i tabell 6 på side 22. Som omtalt der meiner vi framleis at det er hald i vår vurdering av at Førde brukar mindre økonomiske midlar enn dei samanlikna kommunane, og slik driv ein kostnadseffektiv tenesteproduksjon, sjølvstendig avgrensa til å gjelde dei presenterte indikatorane; noko anna har vi då heller ikkje påstått.

Overordna, i ei vurdering av korleis Førde ligg ann i høve til andre kommunar langs dei presenterte KOSTRA-indikatorane – kan innleiingsvis vere å jamføre eigen kommune med Landet utanom Oslo. Tala i tabellen syner då også at Førde, både i 2006 og 2007 – ligg under landssnittet, og til delt tydeleg under landssnittet. Tilsvarende gjeld om ein samanliknar Førde med like kommunar (les: Kommunar i same kommunegruppe) og fylkessnittet. Unnataket gjeld for sosialtenesta – og som også korrekt og eksplisitt er påpeikt i rapporten.

Når kontrollør seier at det "ikkje er grunnlag for revisors vurdering" i den nemnde tabellen, hadde det elles openbert vore opplysende om kontrollør i sin rapport gjorde eksplisitt greie for *kva vurderingar han i så fall ikkje deler* med utførande revisor. Dette, spesielt når tala i tabellen etter vårt syn gjer at det ikkje er tvil om at vi kan gjere dei vurderingane vi faktisk har gjort.

Kryss revisjon stiller som eit retorisk spørsmål elles spørsmålsteikn til om det ligg til kontrollør sitt mandat å gjere vurderingar av utførande revisor sitt fagskjønn ned på eit slik detaljnivå som her er gjort. Vi opplever det slik at kontrollør nærast "hjelper" utførande revisor med "rett" tolking av KOSTRA-tala i forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette er i så fall iaugefallande, då vurdering av KOSTRA-tal allment ikkje er uttrykk for endelege og eintydige fasitar på tilhøve og tilstandar, noko vi då også har poengtert til lesarar av forvaltningsrevisjonsrapporten.

3) Kontrollør uttalar i kontrollskjema E, under pkt D10.2: I noen tilfeller er anbefalingene vel detaljert, eks på side 39. Detaljoppskrift på hvordan forholdet skal utføres.

Kryss revisjon sin kommentar til kontrollør sin merknad er no – som på stadleg kontroll – at *i dette tilfellet* var det etter vårt syn både naturleg og rett å gjere anbefalingane såpass detaljerte m.a. i det refererte eksempelet på side 39 .

For når både grunn- og hjelpeturnusane er lagt til grunn som *revisjonskriterium*, og når revisjonen syner at desse har manglar som gjer at turnusane av den grunn kan bli for upresise, (mellom anna også som ein fullgod reiskap for å regulere arbeidstilhøvet mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakar i *arbeidskvardagen*), er det etter vårt syn naturleg at vi påpeikar konkret, kva formelle element som høyrer heime i ein gyldig turnus. Vår revisjon syner jo nettopp at det er slike manglar i innsamla materiale.


I høyringssvaret frå rådmannen går det jamvel fram at det er mogeleg å få til dei presiseringane/forbetringane som er påpeika frå vårt hald, berre ein gjer dei rette datatekniske grepa i fagprogrammet som genererer dei. Rådmannen har i sitt høyringssvar ei heller


kommentert at han tykkjer at revisjonen har vore for detaljert i våre tilrådingar. Snarare er det slik at rådmannen, eitt år etter at revisjonsrapporten vart formelt handsama, i brev til Kryss Revisjon opplyser at kommunen, unntakslaust, har lagt våre tilrådingar i rapporten til grunn som ledd i å forbetre det reviderte tenesteområdet.

Dette eksempelet speglar også eit anna divergerande vurderingsaspekt som vi i Kryss revisjon tykte kom tydeleg fram då vi hadde møte med kontrollør her i Førde. Nemleg den kjennsgjeringa at vi *ikkje*, og etter vårt syn heller ikkje skal, skrive våre forvaltningsrevisjonsrapportar med NKRF's kontrollør som adressat. Ein ein-sidedig vurdering av om rapporten innfrir RSK 001, tatt ut av den kontekstuelle rapportssamanhengen, er såleis ikkje vår einaste målestokk på om forvaltningsrevisjonsrapportar er gode eller ikkje.

Snarare: Vi utarbeider våre rapportar med ein ambisjon om at dei skal gje grunnlag for *Kontrollutval/kommunestyre* sin vurdering av den kommunale tenesteeininga sin produksjon – og med det indirekte siktemål på om kvaliteten på produksjonen kan oppretthaldast eller ideelt sett betrast.

Vidare er det vår oppfatning at også *rådmennene* ynskjer seg rapportar som er såpass konkrete og direkte at dei på "matnyttig" vis kan nyttiggjere seg det som går fram av rapportane. I dette tilfellet: At rådmannen får presentert konkrete element som bør sjåast på for å forbetre kvaliteten på t.d. turnusane. Vi opplever ikkje at vi gjennom våre tilrådingar har pålagt rådmannen dette, korkje i eksempelet kontrollør peikar på, eller andre stader i rapporten. Tilrådingane har etter vårt syn snarare karakter av å vere *eit råd* om å sjå nærare på tilhøva, heller enn *eit pålegg* om dette, og at vi etter vårt skjønn såleis i praksis ikkje utfordrar RSK 001 på dette punktet.

Førde den 31. oktober 2011
 Kommunerevisjonen
 Nire Sogn og Sunnfjord
 Postboks 287, 6901 Førde

 Terje Førde
 Dagleg leder/Revisjonssjef


 Charles Litsheim
 Revisjonssjef forvaltning



Skjema F – Kontrollrapport ekstern kvalitetskontroll 2012

Enhet 1204

A. Innledning

Enheten har ansvar for revisjon av elleve kommuner. Enheten har fem og halvt årsverk, som arbeider med regnskapsrevisjon, samt to forvaltningsrevisorer. Daglig leder er oppdragsansvarlige for samtlige oppdrag.

Kontrollbesøket ble gjennomført onsdag 25. september i enhetens lokaler. Kontrollen ble varslet i brev fra kvalitetskontrollkomiteen av 20.06.2012.

Enheten hadde på forhånd fylt ut skjema A og B, og oversendt disse sammen med en del andre dokumenter som grunnlag for kontrollen.

Kontrollen ble innledet med en samtale med daglig leder og regnskapsrevisorene. På møtet ble enkelte av opplysningene i skjema A og B gjennomgått. Kontrolløren ble informert om enhetens organisasjon, kvalitetssystem og andre relevante forhold.

B. Internkontroll

B.1 Omfang av kontrollen

Som grunnlag for kontrollen ble følgende dokumenter gjennomgått:

- Arbeidsperm for 2011
- Skjema A
- Skjema B

B.2 Observasjoner

Alvorlige mangler og avvik: Ingen

Andre mangler og avvik:

Det mangler skriftlig dokumentasjon på retningslinjer for overvåking, detaljert timebudsjett og tidspunkt for kontrollhandlinger. Men enheten har opplyst om at det brukes RPD-metodikken (skjema) utarbeidet av NKRF.

Kvalitetskontrollsystemet – er noe mangelfullt dokumentert ettersom det er kun utøvende revisor(kommunerevisor 1) som har signert ulike skjemaer. Skjema «Internkvalitetskontroll på oppdragsnivå» er datert, men ikke signert av oppdragsansvarlig.

Det er også en del gamle henvisninger dvs. til RS i stedet for ISA. på skjema »Grunnlag for revisjonsplan«.

B.3 Delkonklusjon

Kvalitetskontrolløren er av den oppfatning at virksomhetens organisering og intern kontrollsystem er tilpasset størrelsen på virksomheten, og i hovedsak tilfredsstillende kravene i ISQC 1, med unntak av noe manglende dokumentasjon se pkt.B.2.

B.4 Forbedringspunkter

Kvalitetssystemet bør dokumenteres i samsvar med ISQC 1.

Dokumentasjon av for eksempel diskusjoner i teamet vdr. risikovurdering og kommunens risikovurderingsprosess bør skrives under av oppdragsansvarlig revisor.



C. Utvalgte oppdrag

C.1 Omfang av kontrollen

Det ble valgt ut to oppdrag for kontroll, kommuneoppdrag og attestasjon på momskompensasjon. Arbeidspapirene var på papir (RPD) og det var utført overordnet risikoanalyse av forvaltningsrevisjonen som også regnskapsrevisjonen bygger på. Det sendes ikke overordnet revisjonsstrategi til kontrollutvalget, men lages en PowerPoint presentasjon som gjelder enheten og der det presenteres revisors vurdering av risikofaktorer og det informeres om fokus områder. Det ble opplyst at enheten har kjøpt lisens for Descartes revisjonsprogram og vurderer å ta i bruk dette. Det er et system som, ifølge revisjonssjefen, vil ivareta hele revisjonsprosessen. Årsregnskap, revisjonsberetning, korrespondanse og lignende var også arkivert i papirformat.

C.2 Observasjoner

Alvorlige mangler og avvik: Ingen

Andre mangler og avvik ved kommuneoppdraget:

- Det var ikke utført kontroller rettet mot hvilke ansatte i kommunen som har bankfullmakter.
- Enkelte handlinger er for lite dokumentert (for eksempel revisjon av pensjoner).
- Regnskapet er underskrevet av rådmann den 20.2.2012. Revisor har signert på selve regnskapet at den er avgitt den 30.3.2012, her menes, i følge enheten at, det er revisjonsberetningen som er avgitt 30.03.2012.
- Revisjonsberetning - presiseringsavsnittet er tatt inn etter *Konklusjon om registrering*

Andre mangler og avvik ved attestasjonsoppdrag:

- Det er noe ufullstendig dokumentasjon vedr. planlegging på oppdrag utført etter ISA 805.

C.3 Delkonklusjon

Det er avdekket noen svakheter i gjennomføring av revisjonsoppdragene. Revisor bør informere i revisjonsberetningen at regnskapet ikke er avlagt innen fristen. Det er også formell feil i selve beretningen ettersom presiseringsavsnittet er tatt inn etter *Konklusjon om registrering og dokumentasjon* og ikke etter *Konklusjon*. Alternativt bør revisor omtale det som andre forhold. Kontrolløren synes at det er noe uvanlig at revisor skriver under på selve regnskapet (se ovenfor). Enkelte handlinger burde ha vært bedre dokumentert.

C.4. Forbedringspunkter

Revisor bør ha en anmerkning i beretningen hvis regnskapet ikke avlegges til gjeldende frister. Det er også viktig at revisjonsberetningen oppfyller formelle krav til utforming, for eksempel presisering. Det bør innhentes tilstrekkelig revisjonsbevis på enkelte handlinger, og planlegging av attestasjonsoppdrag bør forbedres.

D. Særlig omtale av fokusområder fra årets kontroll

Fokus for årets kontroll var forhold ved enheten som fremkommer av skjema A og B, bokføringslov, tilskudd til private barnehager, utvalg samt den "råde tråd".

Forhold ved enheten

Daglig leder er oppdragsansvarlig for alle oppdrag. Revisjonsenheten har stor fokus på opplæring, og kurs og etterutdanning er godt dokumentert og innenfor NKRF, sine krav.



Bokføringsloven

Ut i fremlagt dokumentasjon fremkommer at enheten har foretatt kontroll av balansekonti, men det er vanskelig å se hvordan om dette er vurdert med tanke på bokføringslovens krav vedrørende dokumentasjon av balansen.

Tilskudd til ikke kommunale barnehager

Det er ikke foretatt noen revisjonshandlinger av kommunens grunnlag og avregning av tilskuddet.

Utvalg

Det er ikke tilstrekkelig dokumentert revisors vurdering med tanke på representativitet av utvalgstesting iht. ISA 530.

"Råde tråd"

Kontrolløren kunne ikke, ut i fra PowerPoint presentasjonen som presenteres til kontrollutvalget, se revisors prioriteringer og event. nedprioriteringer i revisjon av regnskapet for 2011.

Revisjonsplanen på hovedpostnivå stemmer med gjennomførte handlinger. Men det var litt vanskelig å få forståelse av enhetens vurdering av om det skal foretas test av kontroller eller substanskontroller. Kontrolløren savnet en oversikt over hvilke kontroller som ble utført i tidligere år og om dette er hensyntatt i år 2011. Enheten bør i større grad dokumentere dette ved for eksempel ta i bruk rulleringskjema for test av kontroller.

E. Generelle kommentarer

Ros: Det var på kontrolltidspunktet tilrettelagt for en effektiv gjennomføring av kvalitetskontrollen. Egnet kontor ble stilt til rådighet, og spørsmål og eventuelle uklarheter ble raskt besvart og forklart.

Enhetens brev til kommunen »Avslutning av årsregnskapet for år 2011» er informativ og angir gjeldende frister. Det er også foretatt en grundig gjennomgang av selvkostområdet.

Ris: Ingen

Samarbeidsvilje:

Kontrolløren møtte stor velvilje og kontrollen kunne derfor gjennomføres på en effektiv måte.

F. Totalkonklusjon

Revisjonsenheten har gode systemer og er etter kvalitetskontrollens oppfatning innenfor rammen av god kommunal revisjonsskikk.

G. Medgått tid

Kontrollen med forberedelser og rapportskrivning har medført at det ble brukt om lag 28 timer. I tillegg kommer nødvendig reisetid.

H. Eventuelle andre kommentarer

Høringssvar ble mottatt i brev fra enheten, d. 15.10.12

Halden, 26.10.2012

Kvalitetskontrollør NKRF

Jolanta Betker
Østfold Kommunerevisjon IKS

Sendt pr. mail som filvedlegg, den 15.10.12, til jolb@fredrikstad.kommune.no

Dyktar ref.: Rapportutkast 10.10.12 E-post av 11.10.12	Vår ref.: Kvalitetskontroll 2012tilsvar 150812	Arkivkode: 216	Journalnr.: 111 / 2012	Dokumentdato: 15. okt. 2012
--	--	-------------------	---------------------------	--------------------------------

KVALITETSKONTROLL - Høyringsvar til rapportutkast av 10.10.12

Det vert vist til motteken e-post av 11. d.m., vedlagt skjema D og rapport skjema F.

Først vil vi takke for ein ryddig og grei dialog undervegs og i forkant av den stadlege kvalitetskontrollen hos oss den 25. f.m.

Vi er takksame for at vi får innsyn i detaljoppfatningane som går fram av skjema D og som er lagt til grunn for det samandrag og dei konklusjonar som er innteke i ordlyden i rapportutkastet (F). Det er vår hensikt å sjå kontrollen i eit læringsperspektiv, og ein slik kontroll er nyttig for oss. Vi vil kome med følgjande kommentarar :

1. Skjema F:

Under A, Innleiing står det at vi har tolv kommunar. Det korrekte talet er elleve.

2.

Under B. 2, Observasjonar står det at det er manglar i dokumentasjon på retningslinjer for overvåking, detaljert timebudsjett, tidspunkt og omfang, samt retningslinjer som sikrar at oppdrag gjennomførest i samsvar med lovbetemte krav.

Vi meiner at kontrollhandlingane og omfanget er grundig dokumentert i plan-dokumenta og at omfanget er tilpassa og gjennomført i samsvar med planen. Som nemnt under kontrollbesøket tilstreber vi å forbetre oss på tidsplan og timebruk.

Det står også under dette punktet i utkast til rapport at (sitat)

"Kvalitetskontrollsystemet er noe mangelfullt dokumentert ettersom det er kun utøvende revisor (kommunerevisor I) som har signert ulike skjemaer. Skjema "Internkvalitetskontroll på oppdragsnivå" er datert, men ikke signert av oppdragsansvarlig." Sitat slutt.

Vi kan opplyse om at skjema ligg lagra elektronisk på vårt fellesområdet i tillegg til papirutgåve. Vi ser eit forbettringspotensiale her; - jfr. rapportutkastet B 4, Forbettringspunkter, og pkt. 2.2 og pkt. 2.20 i skjema D, som har teke dette opp i seg også.

3.

Under C.2, Observasjoner strekpunkt tre, står det at det er manglande dokumentasjon vedr planlegging på oppdrag utført etter ISA 805. Dette er også kommentert i skjema D, pkt. 7.2. Vi er noko ueinig i dette. Vi har to permer/brevordnere, Perm 1 og Perm 2, med dokumentasjon på dette; kva som er planlagt og kva som er gjennomført. Dette ligg også elektronisk lagra på fellesområdet.

Det står at "*revisor har signert på at regnskapet er avgitt den 30.03.12*". Det kan vi ikkje sjå stemmer. Vi har levert revisjonsberetninga og datert denne den 30.03.12. Rekneskapen er signert av rådmann og konstituert rekneskapsjef den 20.02.12. Under kontrollen gav vi forklaringar på dette: Rekneskapsjefen var alvorleg sjuk, og rekneskapsmateriellet vart først signert mandagen; dvs. den 20.02.12. Førde kommune har alltid levert rekneskapen i rett tid, og slik situasjonen var, "akspeterte" vi at dei kom med rekneskapen den 20.02; - jfr. bemerkinga under C 4, Forbettringspunkter. Vi tek kontrolløren sine kommentarar til etterretning.

4.

C. 3, Delkonklusjon

Vi har registrert at det var ueinighet i bransjen i 2011 når det gjeld korleis ei revisjonsberetning og ein standardisert mal skulle vere. Vi søker å innrette oss etter det som er anført.

5.

Tilskot til ikkje kommunale barnehagar

Det er ikkje føreteke nokon revisjonshandlingar kring dette i 2011. Veilederen låg føre først hausten 2012, og det er fokus på dette i 2012.

6.

Utvalg

Vi ser forbettringspotensialet her. Vi nyttar skjema 13.1, i NKRF's praktiske revisjonsmetodikk, og brukar dette aktivt, saman med skjemaene for 'Grunnlag for revisjonsplan' og risikovurderingane som ein er kome fram til på områda.

7.

Rød tråd

Omsynet til dette prinsippet og økonomisk forsvarleg drift av idrettshuset gjer at ein søker ein driftsmodell som i stor grad er basert på prinsippet "fridom under ansvar". Dei ymse brukargruppene er difor pålagde konkrete arbeidsoppgåver i høve til drifta av idrettshuset. På denne måten vil kvar brukargruppe føle ansvar for at målsetjinga for drifta av idrettshuset vert oppfylt.

For å stimulere til samarbeid og maksimal utnytting av idrettshuset er det lagt opp til at "aukande aktivitet gjev aukande inntekter for brukarane". Det er i denne samanheng heilt naudsynt at brukarane får attendebetalt eit eventuelt overskot fordelt etter brukstimar/aktivitet. Vidare må leigesatsar for kiosk/utstyr vere slik at det løner seg for brukarane å vere aktive med omsyn til å arrangere stemne, turneringar og andre inntektsbringande aktivitetar.

2.2 Gjennomføring:

For å kunne gjennomføre drifta av idrettshuset på ein tilfredsstillande måte, er det bygt opp ein organisasjonsmessig struktur som består av fylgjande hovudelement:

- Driftsstyret: Trekkjer opp generelle retningslinjer for drifta.
- Leiaren: Gjennomfører driftsstyret sine vedtak og legg opp til og gjennomfører nye tiltak i samarbeid med brukarane.
- Brukarane: Melder behov/ynskje til leiaren og medverkar til praktisk gjennomføring av ulike tiltak.

Med omsyn til den daglege/praktiske drift av idrettshuset er det bygt opp ein struktur som består av fylgjande element:

- **Vaktmeister ved Svelgen Skule/Teknisk Etat:**
Vedkomande har teknisk tilsyn med utstyr i idrettshuset vekedagar i tidsrommet 09.00-15.00.
- **STIF-vaktmeistrar:**
Desse er STIF (hovudbrukaren) sine representantar og er hovudansvarlege for den praktiske daglege drifta av idrettshuset i tidsrommet 15.00 til treningane er slutt om kvelden.

- **Tilsynsvakter/trenarar:**
Alle aktivitetar som vert drivne i idrettshuset skal ha ein ansvarleg. Desse ansvarlege er underordna STIF-vaktmeister og rapporterer brot på instruksar og reglement til han/henne.
- **Reglement/instruksar:**
Det er utarbeidd reglement for bruk av alle delar av idrettshuset. I tillegg er det utarbeidd instruksar for arbeidsoppgåvene til dei ulike ansvarlege for drifta.
- **Rapportering:**
Avvik frå reglement/instruksar vert førte i eigen tilsynsprotokoll som kan lesast av alle kategoriar brukarar. Meldingar/ynskje om endringar i driftsopplegg vert også førte inn i protokollen. Den er såleis eit godt verkty for leiaren/vaktmeistrar/tilsynsvakter og brukarar.
- **Drift av squash-hall:**
Utøvarar av squash-sporten får bruke squashhall B etter same prinsippet. Nøkkel til idrettshuset/garderobar kan hentast i/leverast attende til resepsjonen på Svelgen Hotell. Dette gjeld både yrkedagar og helg.

2.3 Kommentrar til driftsmodell:

Etter sytten års drift har ein oppnådd svært gode resultat med den valde driftsmodellen. Målsetjinga om å kunne drive idrettshuset etter prinsippet "fridom under ansvar" har vist seg å fungere svært godt. Alle brukargrupper har teke konsekvensen av ei slik driftsform og synt seg ansvarsbevisste i forhold til denne.

Det er svært gledeleg å kunne registrere at sjølv om alle aldersgrupper er representerte mellom brukarane av idrettshuset så har det ikkje vore nemnande hærverk eller freistnad på slikt.

Driftsmodellen ved Svelgen Idrettshus har vekt merksemd i fleire deler av landet.

3. Utleige av Svelgen Idrettshus:

I kommentarane til vedtaket i kommunestyret heiter det:

"Tilbodet til lag og organisasjonar i Bremanger kommune skal vere slik at det fremjer utvikling av både eksisterande og nye aktivitetar".

"Det er viktig at driftsselskapet får gode vilkår slik at drift av huset ikkje vert ei økonomisk byrde for brukarane. Dersom driftsselskapet arbeider for tungt, vil det gå ut over aktiviteten som idretts- og skyttarlaga skal drive med og svekke idrettstilbodet istaden for å styrke det".

"Eventuelt driftsoverskot vert disponert av driftsstyret. Driftsoverskot etter avsetjingar vert delt attende til dei faste brukarane frå Bremanger kommune i høve til brukstimar i året".

"Dei faste brukarane frå Bremanger er definert som "Idretts- og skyttarlag i Bremanger kommune som har leigd treningstid minst 40 veketimar i året".

3.1 Sportsleg aktivitet:

3.1.1 Lokale leigetakarar:

Dei lokale leigetakarane var:

- Svelgen Skule
- Svelgen Turn og Idrettsforening
- Gulen Skytterlag

3.1.3 Leigetakarar utanfor Bremanger kommune:

Det har i år ikkje vore leigetakarar utanfor Bremanger kommune.

3.1.4 Kommenterar til sportsleg aktivitet:

Driftsstyret har lagt vekt på å legge forholda til rette for aktivitetsvekst i idretts- og skyttarlaga i Bremanger kommune. Etterkvart som ein registrerte at aktivitetane i idrettshuset viste ei svært god utvikling med basis i lokale/ kommunale idretts- og skyttarlag, vart det ikkje lagt særleg vekt på ekstern marknadsføring med sikte på auka utleige.

Erfaringa etter seksten års drift, både med omsyn til auka sportsleg aktivitet og økonomisk resultat, syner at det er mogleg å drive idrettshuset forsvarleg med basis i Svelgen Skule og idretts- og skyttarlaga i Svelgen/Bremanger kommune.

Det vil difor framleis vere ei hovudoppgåve for driftsstyret å legge forholda til rette for ytterlegare auke i sportsleg aktivitet. I samspel med lag og organisasjonar i Bremanger kommune må ein søkje å leggje forholda til rette for både trening, kampar, stemne og turneringar av ulike slag.

Skytesporten i Svelgen:

I siste årsrapport heiter det: "Det er ynskjeleg med auka aktivitet på skytebana i idrettshuset". Det er gledeleg å kunne konstatere at rekrutteringa til skytesporten er veksande både med omsyn til rifle- og pistolskyting. Dersom denne utviklinga held fram vil det verte vurdert å installere elektroniske skiver i idrettshuset.

Det er svært gledeleg å kunne konstatere at denne investeringa no er gjennomført og at Svelgen Idrettshus har eit av dei mest moderne miniatyrskyteanlegga i fylket.

I samband med aukande interesse er det også etablert skytegruppe som ein aktiv del av idrettslaget. Gulen Skytterlag er også aktive igjen etter å ha lege nede ei tid. Ein merkar seg at samarbeidet mellom dei to skytegruppene er godt og at det har vore arrangert skytterstemne på den "nye" bana.

Med bevisst satsing på organisering, rekruttering og trening vil skytesporten i Svelgen-området gå ei lys framtid i møte.

4 Driftsrekneskap 2012:

4.1 Inntekter.

Samla inntekter for driftsåret 2012 er Kr. 395 500,00

4.2 Utgifter.

Samla utgifter for driftsåret 2012 er Kr. 370 429,96

4.3 Overskot.

Overskotet på drifta for 2012 er Kr. 25 070,04

4.4 Kommentarer til driftsrekneskap 2012.

Svelgen Idrettshus har eit overskot på 25 070,04 kr i 2012.

Det er fleire måtar å oppnå gode driftstal på. I budsjettarbeidet har ein lagt til grunn at "aukande aktivitet gjev aukande inntekter". Hovudarbeidet for driftsstyret med omsyn til å oppfylle budsjettmåla har difor vore å legge tilhøva til rette for at aktivitetsnivået frå siste år kan oppretthaldast og om mogleg auke. Drifts- og inntektsnivået er i realiteten lite endra i høve til forrige år.

Driftsinntektene i året 2012 er Kr. 395 500,00 (Kr. 343 500,00 i 2011)

Like viktig for driftsresultatet er at ein har kontroll og styring med utgiftssida. Den største utgiftsposten i driftsbudsjettet, kostnadene for vask og reingjering, er uendra for 2010. Ein anna stor utgiftspost, forbruket av elektrisk straum, syner også dette året ei gledeleg utvikling. Dette skuldast delvis moderat forbruk, men i hovudsak at ein har gått over til vassboren oppvarming i idrettshuset. Dette har synt seg å spare store mengder elektrisk straum.

Driftsutgiftene i året 2012 er Kr.370 429, 96 (Kr. 303 338,31 i 2011)

Noko av det mest gledelege ved driftsresultatet er at det i hovudsak er ein følgje av lokal aktivitet . Berre i svært liten grad er budsjettet avhengig av inntekter henta utanfor Svelgen-området. Det har såleis ikkje vore naudsynt å drive aktiv marknadsføring utanfor Bremanger kommune for å få budsjettet i balanse. Dette medfører at Svelgen skule og idretts- og skyttarlag i Bremanger kommune framleis har eit tilbod som både med omsyn til kvalitet og mengde er svært godt.

Driftsoverskotet i året 2012 er Kr. 25 070,04 (Kr. 40 161,69 i 2011)

Som kjent er driftsforma resultat av ei driftsavtale mellom driftsstyret og Bremanger Kommune. Denne kontrakten vart reforhandla/fornya ved utgangen av 1996. Det økonomiske og sportslege resultatet av drifta dei fyrste tre åra vart lagde til grunn ved revisjon av avtalen. Driftsavtalen vart forlenga med tre nye år. Deretter vert avtalen automatisk forlenga dersom ikkje ein av partane seier opp avtalen. Avtalen gjeld framleis og det er såleis ikkje naudsynt med nye årlege forhandlingar og/eller justeringar.

5. Energiforbruk 2012:

5.1 Energibudsjett og -forbruk 2012.

Sjølv om driftsåra 1994-2008 synte at det i stor grad er mogleg å påverke energiforbruket i idrettshuset, vart budsjettet for energiforbruk for 2010 sett opp på bakgrunn av erfaringstal frå tilsvarende hallar andre stader i landet. Grunnen til dette var todelt:

- Aktivitetsnivået og klimatiske tilhøve har stor innverknad på straumforbruket.
- Etter etablering av marknadsavhengig straumpris (også hos den lokale straumleverandøren) kan prisen på elektrisk kraft variere svært mykje gjennom året.

Erfaringstal frå tilsvarende hallar indikerte fylgjande forbrukstal:

- Lys: 110 000 kWh
- Varme: 165 000 kWh
- Totalt: 275 000 kWh

5.2 Kommenterarar til energiforbruk 2012.

Energikostnader er normalt ein tung post i eit idrettshus sitt budsjett. Slik er det også i dette høvet. Som tidlegare vart det også dette året lagt opp til tett oppfølging av/kontroll med forbruket til høvesvis lys og varme. Det har lenge vore eit ynskjemål å nytte spillvarme til oppvarming i idrettshuset. Etter eit samarbeid mellom driftsstyret og kommunen om investeringskostnader, vart utstyr til dette føremålet installert i februar 2005. Dette har resultert i sterk reduksjon i forbruket av energi til oppvarming.

Resultatet av dette er i hovudtal:

	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Lys, kWh	86714	67280	69520	56160	55680	49920	52880	55920	56000	52000
Varme kWh	134735	108430	106600	95340	81360	82140	87240	78540	77460	82920
Totalt	221449	175710	176120	151500	137040	132060	140120	134460	133460	134920
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Lys, kWh	45680	57520	56320	60880	55200	61520				
Varme kWh	71820	28980	0	0	6180	19500				
Totalt	117500	86500	56320	60880	61380	81020				

Energiforbruket i 2009 tilsvarar mindre enn 30 % av kva som er forventa som "normal" for eit bygg av denne typen med tilsvarande aktivitet. Som nemnt er det ei målbevisst oppfølging av forbruk til lys og installasjon av vassboren oppvarming som gjer det mogleg å kontrollere/justere totalforbruket. Det er framleis grunn til innskjerping av driftsrutinene med omsyn til bruk/ sløkking av lys i idrettshuset. Med uendra driftsforhold og aukande aktivitetsnivå (særleg på skytebanas og i spinningshallen) vil det difor være realistisk å forvente aukande energiforbruk komande år.

6. Reinhold og reingjering:

6.1 Organisering av reinhold og reingjering.

I nært og godt samarbeid med Svelgen Skule har ein funne fram til gode reingjeringsrutiner som tek omsyn til reingjeringsbehov, frekvens og naudsynt bemanning for å kunne gjennomføre eit godt reinhold i idrettshuset. Med den aktivitet som det er i idrettshuset, er det svært viktig at reinholdsrutiner og kvaliteten og omfanget av desse er gode. Etterkvart som utstyr er vorte eldre, har det synt seg ein del slitasjeplager på utstyrsdelar.

Det er reingjeringspersonalet ved Svelgen Skule som utfører reinhold ved idrettshuset. Idrettshuset betaler utgiftene til dette.

6.2 Kommentarer til reinhold og reingjering.

Rutinene og omfanget av reinhold i idrettshuset, gjev både Svelgen skule og idrettshuset fleksibilitet med omsyn til bruk av personale tilpassa dagleg arbeidsmengde.

7. Investeringar 1994-2012:

7.1 Bakgrunn for investeringar.

Ved oppstarten av idrettshuset var det klart at det mangla ein god del utstyr (inventar) for å få til ei smidig og optimal drift både med omsyn til idrettslege aktivitetar og aktivitetar i høve stemne/arrangement. Det var difor naudsynt å skaffe midlar til investeringar utover det plan- og byggjenemda hadde lagt opp til.

7.2 Bruk av dugnadsmidlar.

Utforminga av driftsavtalen, der brukarane er tilgodesett med tildeling av overskotsmidlar og kan skape inntekter ved idrettsleg aktivitet, fremjar viljen til bruk av/investering i huset.

7.3 Investeringsobjekt:

STIF har investert i fylgjande utstyr i idrettshuset:

■ Scene.

Ved større konsertar o.l. er det behov for scene som er lett å montere/ demontere. Scena som er innkjøpt er 70 kvm og kan brukast til alle typar arrangement der scene er påkrevd.

■ Kjøkenutstyr.

Kjøkenet var berre utstyrt med basisutrusting. I høve større stemne/ arrangement var det behov for tilleggsutstyr.

■ Høgtalaranlegg.

Dette viste seg å vere lite brukarvenleg. Mindre bygningsmessige endringar måtte difor utførast for å lette bruken av anlegget.

■ Styrketreningsutstyr.

Styrketreningsrommet mangla teknisk utstyr som var naudsynt for å kunne gje eit fullverdig tilbod til kraftidrettar.

■ Premieskap.

I eit idrettshus er det naturleg at lagspremiar som viser tidlegare og noverande aktivitet er utstilte. Dette er i tillegg dekorativ og fin utsmykking.

■ Lagshistorie.

Dei lokale brukarane har ei lang og god idrettsleg historie med svært mange gode resultat. Det er viktig at dette materialet vert presentert på ein måte som både gjev informasjon om tidlegare resultat og inspirasjon til ytterlegare innsats. I eit lite samfunn gjev ei slik samling også verdfull informasjon om utviklinga av lokalsamfunnet.

■ Klatrevegg.

For å utvide tilbudet og antalet brukargrupper vart det beslutta å montere klatrevegg i idrettshuset. Vegg (m.klatreutstyr til utleige) var ferdig til bruk i April -95. Klatreveggen vart påbygd og utvida hausten 2004. Klatreveggen er eit aktivum for idrettshuset og eit godt tilbod til brukarar både innafør og utanfor den organiserte idrettsrørsla.

■ Step-brett/multitrenarar/oppbevaringsskap.

Variasjon i treningstilbod og trong for gruppevis lagringsplass førte til at desse investeringane vart gjennomførte.

■ Audio-visuelt utstyr:

Med tanke på instruksjons- og kursaktivitet er det innkjøpt TV, Videomaskin, Videokamera, flip-over og skrivetavle.

■ Datautstyr.

Idrettslaget og idrettshuset sine behov tilsa installasjon av data-anlegg. Dette er innkjøpt og installert. Vidare utbygging av datanett til bruk ved sekretariat-tenester vert vurdert.

▪ Vassboren oppvarming.

Saman med eigaren (Bremanger kommune) har idrettshuset (driftsstyret) delfinansiert 50% av kostnader til installasjon av teknisk utstyr til oppvarming ved bruk av spillvarme.

▪ Spinning-syklar.

Squash-hall A er teken i bruk til spinning-aktivitetar. Det er i denne samanheng kjøpt inn spinningssyklar og musikkanlegg til formålet.

▪ Elektroniske skyteskiver/veggpanel.

Som ein del av ynskjet om aktivitetssauke innanfor skytesporten, vart det investert i elektroniske skiver/datautstyr for treffregistrering i idrettshuset. I tillegg vart veggane på skytebane kledde med furupanel. Med desse tiltaka ser vi fram mot aukande aktivitet og kvalitet innanfor skytesporten i Svelgenområdet.

▪ Basketball-stativ/oppmerking av spelebane.

Basketball er ein idrett med aukande interesse. For å tilfredsstille krav til trenings- og kampavvikling vart det investert i elektrisk nedsenkbare stativ og oppmerking av ny spelebane.

7.4

Investeringskostnader.

STIF har investert fylgjande i idrettshuset pr 2009:

-	Benkeplater/benkeskap	Kr.	2.250,-
-	Nøkkelskap	Kr.	567,-
-	Mikrobølgeovn (Siemens)	Kr.	3.500,-

- Steiketakke	Kr. 2.000,-
- 2 stk Mokkaaster kaffitraktarar	Kr. 2.000,-
- 3 stk kaffikanner	Kr. 300,-
- Vaffeljern	Kr. 400,-
- Handmixer	Kr. 500,-
- Div. kjøkenutstyr	Kr. 2.000,-
- Mark fargefjernsyn	Kr. 4.000,-
- Verktøykasse m/div. verktøy	Kr. 1.500,-
- Høgtalaranlegg (tilpasning)	Kr. 5.000,-
- Filtteppe	Kr. 3.406,-
- Støvsugar	Kr. 2.513,-
- Premieskap	Kr. 24.975,-
- Golvbelegg (dansegolv)	Kr. 10.249,-
- Klatrevegg	Kr. 178.000,-
- Ergometersyklar (2 stk)	Kr. 6.241,-
- Diverse vektløftarutstyr	Kr. 64.766,-
- Scene	Kr. 83.265,-
- Trykkluftpumpe	Kr. 2.500,-
- Lengdegrop (sand etc)	Kr. 4.564,-
- Utstyrsskåp, datautstyr, overhead- framvisar, info-tavle, AV-utstyr, stepbrett, ballvogner, multi-trenar.	Kr. 69.919,-
- Diverse kontorutstyr, møblar etc.	Kr. 25.000,-
- Sandvolleyballbane (33% av kostnadane).	Kr. 20.000,-
- Motorikk treningsutstyr.	Kr. 12.000,-
- Høgtalarar, mikrofon og CD-spelar.	Kr. 15.500,-
- Lamineringsmaskin.	Kr. 1.200,-
- Brusautomat.	Kr. 41.000,-
- 2 stk mini-klatreveggar.	Kr. 7.000,-
- Barnetrim-utstyr: Sklie, orm, snurrebass, tunnell	Kr. 5.333,-
- Volleyballnett, Supermatch	Kr. 1.235,-
- 2 stk. volleyballstolpar, Elite á Kr.2615,-	Kr. 5.230,-
- 2 stk. ergometersyklar	Kr. 7.800,-
- Tredemølle	Kr. 13.000,-
- 3 stk. resultatavler Volleyball	Kr. 1.300,-
- Fotballar	Kr. 3.750,-
- Utviding av klatrevegg (buldrevegg)	Kr. 15.000,-
- Treningsvestar	Kr. 2.500,-
- Bandykøller, ballar etc.	Kr. 5.000,-
- Vassboren oppvarming.	Kr. 44.677,-
- Spinningutstyr (syklar etc.)	Kr. 65.000,-
- Elektroniske skyteskiver	Kr. 150.000,-
- Furupanel på veggjar skytebane.	Kr. 9.000,-
- Basketballstativ og spelebane.	Kr. 150.000,-
<hr/>	
STIF-investeringar pr 2010:	Kr 1.075.850,-
<hr/>	

7.5 Eigedomsrett.

Utstyr som er kjøpt og betalt av STIF er STIF sin eigedom. I lys av den eksisterande driftsavtalen er utstyret stilt gratis til disposisjon for Svelgen Idrettshus/driftsstyret. Alle inntekter frå bruk av slikt utstyr tilfall drifta av idrettshuset.

7.6 Kommenterarar til investeringar.

Det er grunn til å merkje seg den offensive haldninga som ligg til grunn for dei investeringane som er føretekte. Utgangspunktet er å gje eit best mogleg tilbod til eksisterande og framtidige brukarar og å gjere idrettshuset og området rundt huset så attraktivt og lønnsomt som mogleg.

Det er svært viktig å ligge i forkant av utviklinga med omsyn til framtidige investeringar. På denne måten kan ein sikre best mogleg resultat både med omsyn til tilbod, aktivitet og driftsøkonomi.

Etterkvart er idrettshuset godt rusta med omsyn til naudsynt utstyr. Investeringsbehovet er såleis ikkje like stort som dei fyrste driftsåra. Med bakgrunn i dette vart pålegget om å investere heile driftsoverskotet i "utstyr og aktivitetsfremjande tiltak i idrettshuset" endra. Frå og med driftsåret 1996 kunne 50 % av den delen av driftsoverskotet frå idrettshuset som vert tildelt dei faste brukarane nyttast til investeringar i huset. Dei resterande 50 % av tildelte overskotsmidlar kunne dei faste brukarane nytte fritt. Frå og med driftsåret 2002 kan alle tildelte overskotmidlar nyttast fritt. Søknad om kjøp av utstyr/bruk av overskotsmidlar må vere godkjend av styreleiar for idrettshuset.

8. Budsjett 2012.

Budsjettet for driftsåret 2012 fylgjer som vedlegg. Det syner at drifta skal gå i balanse med ei omsetjing på Kr. 330.000,-. Dei ymse budsjettpostane er justerte i høve til dei erfaringar ein har hausta etter budsjetjusteringar siste driftsåret.

8.1 Kommenterarar til budsjettet 2012.

Som vanleg har ein ved utarbeiding av budsjettet vore romslege med omsyn til utgiftssida og forsiktige med omsyn til inntektssida. Det er difor sannsynleg at ein også i 2012 skal komme ut med overskot på drifta. Eit slikt overskot er likevel avhengig av at dei ymse brukarane er offensive med omsyn til utnytting av idrettshuset. Aktiv satsing på å arrangere stemner, turneringar, kampar, skytekonkurransar osv vil vere ei god inntektskjelde for alle partar og dessutan bidra til auka aktivitet også i resten av lokalsamfunnet.

Resultatet frå 2009 syner framleis usikkerheit knytt til kostnadene for forbruk av elektrisk kraft. Kostnadene er avhengige av aktivitetsnivå, forbetra kontroll med forbruk av lys, driftssituasjonen ved Ovn 5, utetemperatur og i særleg grad prisutviklinga for elektrisk kraft og nettleige frå vår lokale energileverandør.

Driftstyret har rimeleg god kontroll på utgiftssida i budsjettet. Det vert difor i budsjettsamanheng ei hovedoppgave å legge forholda til rette for aukande

aktivitetar og dermed også aukande inntekter.

9 Ansvarsfordeling:

Bremanger kommune er eigar av Svelgen Idrettshus.

Leiaren av driftstyret har mynde til, og ansvar for, å legge opp og gjennomføre drifta av idrettshuset innanfor dei rårer som er fastlagde av driftsstyret og kommunestyret.

9.1 Kommenterar til ansvarsfordeling.

Tilpasninga av driftsform og ansvarsfordeling var naudsynt for å få til ein rask og fleksibel beslutningsprosess. På denne måten vert større delar av ansvaret for "dagleg drift" lagt på leiaren. Leiaren er medlem av driftsstyret.

I praktisk drift er ein svært avhengig av at systemet med vaktmeistrar/trenarar/tilsynsvakter fungerer slik instruksane tilseier. Det er eit ansvar for leigetakaren å innskjerpe at eksisterande avtaler på dette området vert etterlevde.

Det er også viktig at eigaren føler ansvar for den delen av utgiftene som dei er pålagde. Særleg gjeld dette i høve til regelmessig ytre vedlikehald.

10 Uteområdet ved idrettshuset:

Ved store nedbørmengder hadde ikkje dreneringssystemet på sydsida av idrettshuset stor nok kapasitet til å ta unna overflatevatn. Det lavtliggende området på sydsida vart oppfylt av vatn som etterkvart trengde inn i idrettshallen og lagerromma. Dreneringssystemet rundt idrettshuset er no utbetra og faren for vassinntrenging i idrettshallen er etter dei erfaringar vi har hausta eit tilbaketil stadium. Vi vonar eigaren snart finn tid og midlar til å setje i stand grøntområdet m/kantsteinar som vart mellombels fjerna i høve vassflaumar i 2003.

Har registrert ønske fra foreldre om å sette opp lys på parkeringsplassen utanfor idrettshuset. Dette for å øke sikkerheten for dei som ferdast der. Der er rykter om at det har vert ein del nestenulykker på parkeringsplassen.

11 Vedlikehald.

11.1 Indre vedlikehald.

Treportane i idrettshallen vart skifta ut med ny type av aluminium i 1996. Kondens på innsida av portane som fylgje av store temperaturskilnader ute/inne har likevel ført til fuktangrep på dørkarmar/lister. Dette treverket må snart skiftast ut med nytt.

11.2 Ytre vedlikehald.

I årsrapporten for 1997 heiter det:

"Ein er likevel ottefull for moglege langsiktige konsekvensar av vasslekkasjer gjennom taket."

Taket i idrettshuset er framleis ikkje heilt tett og det vert difor i nedbørsrike periodar registrert lekkasjer i ulike delar av bygget. Ein skal vere særleg merksam på tette sluk/oppsamling av vatn/snø på taket i nedbørsrike periodar. Ettersyn og rensking av slukar/nedlaup er særst viktig.

12. Oppsummering.

12.1 Generelle kommentarar til driftsåret 2012.

I kommentarane til driftsavtalen med Bremanger kommune heiter det: " Driftsstyret meiner dei, med det framlagde budsjett, har lagt tilhøva til rette for aukande bruk av Svelgen Idrettshus. Dei peikar vidare på at oppsetjing av det første budsjettet inneheld eindele usikkerheitsfaktorar som det kan vere naudsynleg å justere for når ein får meir erfaring med drifta. Budsjettet inneheld vidare nokre utgiftspostar som truleg berre gjer seg gjeldande første driftsår, m.a. oppstartningskostnader og kjøp av inventar og utstyr. Sjølv om ein reknar med å vinne erfaringar i 1994, reknar driftsstyret også 1995 som eit prøveår. Først i 1996 reknar driftsstyret med å kunne få eit regulært driftsår".

Erfaringane så langt syner at denne utsegna stemmer godt med realitetane. Det gode driftsresultatet desse åra skuldast ei positiv haldning frå brukarane og driftsstyret. I dei aller fleste tilfelle har det synt seg i ettertid at iverksette tiltak har vore naudsynte, fornuftige og gjeve eit positivt bidrag til drifta.

Driftsstyret kan ikkje åleine skape naudsynt aktivitet og dermed inntekter. Ein er avhengig av nært samarbeid, kreativitet og forståing frå brukarane si side for å oppnå gode resultat. Det er difor ei svært viktig oppgåve for driftsstyret å legge

tilhøva til rette for knoppskyting og nytenkning. Idéar og nye innspel må gjennomdrøftast, marknadsførast og iverksetjast i samarbeid med brukarane. Kvaliteten på samspelet mellom driftsstyret og brukarane er avgjerande for sluttresultatet både med omsyn til aktivitet og økonomi.

12.2 Generelle kommentarar til driftsåret 2012.

Ein forventar at driftsutgiftene for 2012 vert Kr. 400.000,-.

Driftsoverskotet er differansen mellom driftsinntekter og driftsutgifter. Storleiken på driftsoverskotet er mellom anna eit resultat av godt og tillitsfullt samarbeid mellom brukarane av idrettshuset og leiaren for driftsstyret. I dette samarbeidet har leiaren for driftsstyret stor innverknad på driftsutgiftene. Brukarane av idrettshuset har minst like stor innverknad på driftsinntektene.

Kor stort driftsoverskotet for 2012 skal bli er difor i stor grad opp til brukarane og deira aktivitetsnivå !

15.04.2013

for Svelgen Idrettshus,
Driftsstyret,

Andre Hatleset, leiar

Til: Svein Arne Sandvik, Steinar Isene, Frank Midtbø, Robin Ephithite.

SVELGEN IDRETTSHUS:

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2013

MØTESTAD: MØTEROM IDRETTSHUSET.

MØTETID: Fredag 18.05.2013 KL.14.00

SAKLISTE:

1. ÅRSMELDING 2012.
2. REKNESKAP 2012.
3. FORDELING AV DRIFTSOVERSKOT 2012.
4. ENERGIFORBRUK 2012.
5. BUDSJETT 2013.
6. ANDRE SAKER.

12.04.2013

for Svelgen Idrettshus
Driftsstyret

Andre Hatleset,
-leiar-

SVELGEN IDRETTSHUS:**BUDSJETT 2013.****UTGIFTER:**

11000	Kontorutstyr	7.000,-
11200	Anna forbruksmatr./råvarer og tenester	30.000,-
11304	Telefon og datakommunikasjon	3.000,-
11800	Straum	90.000,-
12000	Inventar og utstyr	20.000,-
12300	Vedlikehald av bygningar	10.000,-
12900	Internkjøp, vask og reingjering.	180.000,-
14703	Overføring til private	60.000,-

Sum utgifter:	400.000,-
---------------	-----------

INNETEKTER:

16211	Utleige squashbane	10.000,-
16212	Utleige kiosk	2.500,-
16213	Utleige reklame	10.000,-
16214	Utleige av lokaler, STIF	115.000,-
16215	Utleige til andre	7.500,-
17900	Internsal, BK	180.000,-
	Bremanger næringsfond	75.000
Sum inntekter:		400.000,-

Andre Hatleset
-driftsleiar-

019/13 REKNESKAPEN 2012 – BREMANGERHALLEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.05.2013	019/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Årsrekneskapen 2012.
- Årsmelding 2012 datert 13.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsuttalen frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
- Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen 2011 for Bremangerhallen kan godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

REKNESKAPEN 2012 – BREMANGERHALLEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2012 for Bremangerhallen.

Saksopplysningar:

Resultatrekneskapen 2012 og årsmelding for Bremangerhallen er lagt fram for revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 15.04.2013. Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr. 21.127,89. I rekneskapen er overskotet disponert til «Tilbakeføring til brukarane».

Revisor uttrykkjer at rekneskapen er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, og at han gjev eit korrekt uttrykk for føretaket si økonomiske stilling pr. 31.12.2012.

I alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsuttalen føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Av driftsavtale mellom Bremanger kommune og driftsstyret for Bremangerhallen, går det fram at Bremanger kommune skal godkjenne budsjettet, og at det kvart kalenderår skal leggast fram revidert rekneskap for drifta. Her går det også fram at eit eventuelt driftsunderskot skal dekkast av Bremanger kommune, medan driftsoverskot skal kunne disponerast av driftsstyret. På bakgrunn av denne avtalen skal overskotet disponerast av driftsstyret for Bremangerhallen..

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gi nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei vil gi nærare informasjon om deira kontrollhandlingar, som er utført i samband med revisjonen av årsrekneskapen. Dei er og budde på å svare på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om

Sekretariatet sine vurderingar:

Revisor har ikkje presiseringar eller atterhald til rekneskapen i revisjonsuttalen.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen til Bremangerhallen for 2011 kan godkjennast slik han ligg føre.

Bremanger kommunestyre
v/Ordfører
6723 Svelgen

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmannen
Økonomisjefen
Svelgen Idrettshus

Dykkar ref.:
Rekneskap 31.12.12

Vår ref.:
Kryss/bremanger/
bremhallen12/tv13

Arkivkode:
210D12&14

Journalnr.:
024 / 2013

Dokumentdato:
15. april 2013

Revisjonsuttale rekneskapen for Bremangerhallen 2012

Vi har revidert driftsrekneskapen for *Bremangerhallen* for rekneskapsåret 2012 som viser eit drifts-overskot på kr. 21.127,89. Rekneskapen for *Bremangerhallen* er lagt fram av rekneskapsfører og styret. Rekneskapen inngår i kommunerekneskapen og går dermed fram som eige driftskapittel i Bremanger kommune sin rekneskap. Vi har også vurdert innhaldet i styret si driftsmelding for 2012.

Vi har utført revisjonen i henhold til god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Vi gjev vår uttale i samsvar med ISA 805 «*Særlege hensyn ved revisjon av separate rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, kontoer eller poster i ei rekneskapsoppstilling*». Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at *Bremangerhallen* har utarbeid ei rekneskapsoppstillinga som gjev ei dekkande framstilling i samsvar med krav i lov og forskrift som er relevante for å utarbeide ei slik rekneskapsoppstilling. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av rekneskapsmaterialet som underbygger rekneskapsopplysningane. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Av driftsavtalen mellom Bremanger kommune og driftsstyret for Bremangerhallen, går det fram at Bremanger kommunestyre skal godkjenne budsjett, og at det ved kvart kalenderår skal leggst fram revidert rekneskap for drifta. Her går det også fram at eit eventuelt driftsunderskot skal dekkast av Bremanger kommune, medan driftsoverskot skal kunne disponerast av driftsstyret. Årets driftsoverskott på kr 21.127,89 er i rekneskapen overført til brukarane. Det vert vist til utskriftene av rekneskapen og styret si driftsmelding for 2012, som i seg sjølv er informativ og forklarande for den drift som har vore.


Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Konklusjon

Vi meiner at rekneskapsoppstillinga i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Bremangerhallen ved årsskiftet pr 31. desember 2012; og at denne er i samsvar med krava i det rammeverket for finansiell rapportering som er relevante for utarbeidinga av rekneskapsoppstillinga og føremålet.

Med visning til kommentarane ovanfor vil vi kunne gje uttale om at driftsrekneskapen for Bremangerhallen for 2012 kan fastsettast og godkjennast slik den ligg føre i utskrift pr 31.12.2012.

Fløra, 15. april 2013


Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Date: 15.04.2013 OR:
Sak nr. 021/2013 Regnsk
Arkiv: 2101/2214
Avd.kode: 1438
Sakshandsamnt: E.A.

BREMANGERHALLEN

DRIFTSMELDING 2012

Bremangerhallen - Driftsmelding 2012

1. Driftsstyret

1.1. Mandat

Halleigar har ikkje utarbeida eigen instruks for driftsstyret, det har heilt frå starten blitt lagt opp til same driftmodell som Svelgen idrettshus.

1.2. Samansetjing

Driftsstyret er samansett av 5 personar, der 2 blir valt frå Bremanger idrettslag, 1 frå musikklag og 2 frå Bremanger kommune.

1.3. Medlemmer 2012

Kåre Olav Svarstad	-leiar	BIL
Willy Svarstad	-n.leiar	BIL
Grete Berntzen		BM
Anita S Nygård		BK
Åge Senneset		BK

1.4. Kommenterarar frå driftsstyret

Det nye styret vart først konstituert 31.05.2013

2. Driftsmodell

2.1. Organisering av drifta

Bremangerhallen er eit kommunalt driftsselskap med eit eige styre. Det er knytta leigeavtaler for bruk av hallen, der Hauge skule disponerer hallen i skuletida og Bremanger idrettslag leiger den etter skuletid og i helgane.

I tillegg blir hallen leigd ut til andre offentlege og private tilstellingar, også til kommersielle formål.

2.2. Gjennomføring

Bruk av hallen er bygd på tillit og eit godt samarbeid med skule, vaktmester og reinholdspersonale.

3. Utleige av Bremangerhallen

3.1. Sportsleg aktivitet

Bremanger idrettslag disponerer etter avtale hallen mellom kl 1600 og 2200. Det er bortimot oppfylt alle timar.

3.2. Andre leigetakarar

Hallen blir nytta av mange lag og organisasjonar til blant anna konsertar, skuleavslutning og 17.mai feiring.

3.3. Leigetakarar utanfor Bremanger kommune

Sogn og Fjordane teater leiger hallen til teaterframсыningar fleire gongar i året.

Bremangerhallen - Driftsmelding 2012

4. Driftsrekneskap for 2012

4.1. Inntekter	
Samla inntekter for driftsåret 2012 er	kr 342 700,00
4.2. Utgifter	
Samla utgifter for driftsåret 2012 er	kr 321 572,11
4.3. Overskot	
Overskotet på drifta for 2012 er	kr 21.127,89

5. Energiforbruk 2012

5.1. Energibudsjett og forbruk 2012

God energistyring gjer at straumforbruket er redusert for 2012. For å redusere energibruken meir vil det bli installert varmpumper i 2013.

6. Reinhold og reingjering

6.1. Organisering av reinhold og reingjering

Reingjering blir utført av tilsette frå Hauge skule og fungerer godt.

7. Investeringar 2012

7.1. Bakgrunn for investeringar

Overskot for 2012 vert overført lag og organisasjonar etter utleigebrøk. Pengane skal brukast til innkjøp av utstyr i hallen.

7.2. Bruk av innsamla midlar

Sum	01.01.2012	189 048,74
Innkjøp maling og rekvisita for maling av scene.		
Utført på dugnad	17.10.2012	(5 513,00)
Komplettering av lydanlegg	10.12.2012	(45 925,00)
Bidrag til innkjøp av flyttbar scene	10.12.2012	(10 000,00)
Gebyr	31.12.2012	(8,00)
Renteinntekter	31.12.2012	3 617,00
Sum	31.12.2012	131 219,74

7.3. Investeringsobjekt

Det må investerast i varmpumper i 2013. Dette skal mellomfinansierast og nedbetalast med innspart strømförbruk

8. Budsjett 2013

8.1. Kommenterarar til budsjett 2013

Det er lagt opp til same drift som for 2012.

9. Uteområdet ved Bremangerhallen

Uteområdet blir stelt av Bremanger kommune. Vi ser fram til at nærmiljøanlegget blir utbygd for å få eit meir komplett område for idrett, kultur og oppleving.

10. Vedlikehald

10.1. Indre vedlikehald

Det er moderat vedlikehald, skader karakteriserast som "hendeleg uhell"

10.2. Ytre vedlikehald

Det er fortsett lekkasjar frå takkonstruksjon. Dette er ei sak mellom Bremanger kommune og entreprenør.

11. Oppsummering

11.1. Generelle kommentarar til driftsåret 2012


Kontroll av opphengd lydanlegg og lysbru avslørte manglande sertifisering. Dette er teke opp med leverandør med krav om oppretting. Det er innført bruksforbod for lysbru som også er sikra midlertidig.

12. Vedlegg

12.1. Rekneskap Bremangerhallen 2012 (Bremanger kommune)

12.2. Budsjett 2013

Driftsmeldinga er godkjent i styremøte 13.04.2013.



Kåre Olav Svarstad
Styreeiar

Willy Svarstad (sign)
-Nestleiar

Åge Senneset (sign)
Styremedlem

Anita S Nygård (sign)
Styremedlem

REKNESKAP 2012 - BREMANGERHALLEN

	Regnskap 2012	Budsjett 2012	Regnskap 2011
<u>Driftsutgifter</u>			
10300 Ekstrahjelp	6 910,59	10 000	6 058,06
10900 Pensjon KLP	817,68	0	506,37
10990 Arbeidsgjevaravgift	819,20	0	695,83
11000 Kontormateriell	0,00	1 000	0,00
11200 Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	11 672,80	2 000	4 182,40
11800 Straum	124 417,31	150 000	132 100,15
12000 Inventar og utstyr	512,80	10 000	0,00
12202 Leasing golv vaskemaskin			14 458,40
12203 Leige/leasing av utstyr			3 536,00
12300 Vedlikehald av bygningar	0,00	10 000	2 278,40
12306 Reparasjon/vedlikehald	7 541,20	0	2 325,60
12600 Kjøp av reinhaldstenester	512,80	0	
12601 Kjøp av vaskeritenester	5 121,20	0	5 208,00
12900 Internkjøp	125 802,00	120 000	122 369,50
14290 Merverdiavgift på vederlag	37 444,53	0	41 022,24
14711 Tilbakeføring til brukarane	21 127,89	32 000	10 559,05
SUM DRIFTSUTGIFTER	342 700,00	335 000	345 300,00
<u>Driftsinntekter</u>			
16206 Andre inntekter	-32 700,00	-35 000	-36 700,00
16214 Leige av lokaler	-75 000,00	-75 000	-150 000,00
17900 Internsal	-160 000,00	-150 000	-158 600,00
19500 Bruk av bundne driftsfond	-75 000,00	-75 000	
SUM DRIFTSINNTEKTER	-342 700,00	-335 000	-345 300,00
SUM	0,00	0	0,00

020/13 OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	020/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Bremanger kommune – Orientering om oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», datert 16.04.2013.
- E-post frå teknisk sjef Magnhild Myklebust «Tilbakemelding etter forvaltningsrevisjon innan VAR-sektoren», datert 10. mai 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 010/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren»
- Revisjonsrapport: "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren", datert 03.10.2011.
- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
- Vedtak i kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjonsprosjekt – "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren – Bremanger kommune.
- Vedtak kommunestyresak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 19.01.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen har følgd opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 19.01.2012. Og at det er gjort tiltak slik at:

- Alle relevante kostnader vert ført i sjølvkostrekneskapen.
- H-2140 vert nytta som rettesnor for arbeidet, og på grunnlag av desse retningslinjene er det utarbeidd Retningsliner for utrekning av gebyrgrunnlaget for VA-sektoren i Bremanger kommune, rutineskildring for utrekning av vass- og avlaupsgebyr for Bremanger kommune og malar for utrekning av gebyrgrunnlag vatn og avlaup. Sjølvkostutrekninga skjer på tilsvarende måte. Desse dokumenta vil bli reviderte i 2013 etter innspel frå kommunerevisjonen.
- Inndekkingsgrada på sjølvkostområdet er lagt inn som note til rekneskapen, og vert handsama av kommunestyret i samband med godkjenning av årsrekneskapen.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012.

Saksopplysningar:

Etter § 12 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Vidare skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», vart lagt fram for kontrollutvalet den 14.11.2011. Kommunestyret handsama rapporten i sak 010/12 ” Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren ” i møte 19.01.2012, og gjorde følgjande vedtak:

- *Kommunestyret viser til forvaltningsrapport - ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”, datert 03.10.2011.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen å føre alle relevante kostnader inn i sjølvkostrekneskapen.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å nytte H-2140 som rettesnor for arbeidet med rutinar for sjølvkostområdet.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å leggje fram sak til kommunestyret om inndekkingsgrada på sjølvkostområdet.*

Det vert vist til rapporten ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”, datert 03.10.2011.

Kommunestyret har gjort konkret vedtak i saka. Kontrollutvalet skal, som nemnt, sjå til at vedtaket er følgt opp av administrasjonen. Kontrollutvalet skal også rapportere tilbake til kommunestyret kva som er gjort i høve til merknadane dei hadde til rapporten.

I Brev den 16.04.2013 ber kontrollutvalet om ei skriftleg tilbakemelding på kva som er gjort i høve til kommunestyrevedtak 010/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren.

I e-post den 10. mai 2013 gir teknisk sjef Magnhild Myklebust ei skriftleg tilbakemelding etter forvaltningsrevisjon innan VAR-sektoren.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Bremanger kommune
Postboks 194
6721 BREMANGER

Førde, 16.04.2013

Dykkar ref.:

Vår ref: Vø

Jnr.: 126/13

Arkiv: Bremanger

ORIENTERING OM OPPFØLGING FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Kontrollutvalet i Bremanger heldt møte 15.04.13. I sak 010/13 «Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 029/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012.*

Kommunestyret handsama rapporten i sak 010/12 ” Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren ” i møte 19.01.2012, og gjorde følgjande vedtak:

- *Kommunestyret viser til forvaltningsrapport - ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”, datert 03.10.2011.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen å føre alle relevante kostnader inn i sjølvkostrekneskapen.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å nytte H-2140 som rettesnor for arbeidet med rutinar for sjølvkostområdet.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å leggje fram sak til kommunestyret om inndekkingsgrada på sjølvkostområdet.*

Vi ber difor om ei skriftleg tilbakemelding på kva som er gjort i høve til kommunestyrevedtak 010/12 ”Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren ” innan tysdag 14. mai 2013.

Med helsing


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Øvrebø Vidar

Fra: Magnhild Myklebust <Magnhild.Myklebust@bremanger.kommune.no>
Sendt: 10. mai 2013 15:45
Til: Øvrebø Vidar
Kopi: Tom Joensen
Emne: Vedk. tilbakemelding etter forvaltningsrevisjon innan VA-sektoren

Viser til Dykkar skriv datert 16.04.2013 vedkommande oppfølging av kommunestyrevedtak 10/12 «Forvaltningsprosjekt – sjølvkostberekningar på VAR-sektoren».

Pga fråvær ved teknisk driftseining har vi ikkje hatt kapasitet til å gje fullstendig svar innan fristen 12.mai. Eg gjev ei kort oppsummering i denne e-posten, så får vi heller komme med ei grundigare utgreiing seinare dersom de ser behov for dette.

- Alle relevante kostnader vert ført i sjølvkostrekneskapen.
- H-2140 vert nytta som rettesnor for arbeidet, og på grunnlag av desse retningslinjene er det utarbeidd **Retningsliner for utrekning av gebyrgrunlaget for VA-sektoren i Bremanger kommune, rutineskildring for utrekning av vass- og avlaupsgebyr for Bremanger kommune og malar for utrekning av gebyrgrunlag vatn og avlaup (rekneark)**. Sjølvkostutrekninga skjer på tilsvarende måte. Desse dokumenta vil bli reviderte i 2013 etter innspel frå kommunerevisjonen.
- Inndekkingsgrada på sjølvkostområdet er lagt inn som note til rekneskapen, og vert handsama av kommunestyret i samband med godkjenning av årsrekneskapen.

Vi ber om tilbakemelding dersom de vil ha oversendt desse dokumenta, dersom de ynskjer ei grundigare utgreiing eller behov for meir informasjon.

Med vennleg helsing

Magnhild Myklebust
teknisk sjef
Bremanger kommune

Telefonnr. 95 98 30 00
Telefaks 57 79 63 01

Fra: Øvrebø Vidar [<mailto:Vidar.Ovrebo@sekom.no>]
Sendt: 17. april 2013 10:57
Til: Postmottak Bremanger kommune
Kopi: Tveit Asgeir
Emne: Brev frå kontrollutvalet

Vi ber om at vedlagte vert handsama som inngående post.

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 21
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 82 02 00

021/13 ORIENTERING – OM FYLKESMANNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	021/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

E-post frå kontrollutvalet til Bremanger kommune «Orientering om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane», den 17.04.2013.

Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 28.06.2012

E-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølbeg – «Tilsynsrapportar Fylkesmannen», datert 26. mars 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 28.06.2012
- E-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølbeg – «Tilsynsrapportar Fylkesmannen», datert 26. mars 2013
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 24.10.2012
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 29.11.2012
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 18.03.2013
- Kontrollutvalsak 006/13 «Oppfølgingsliste 1-2013 og merknadar – Bremanger»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet sitt vedtak:

ORIENTERING – OM FYLKESMANNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 16.05.2012 og tilsvaret til rapporten til Fylkesmannen frå Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Den 16.05.2012 hadde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn med barnehagane i Bremanger kommune.

I rapporten frå Fylkesmannen den 28.06.2012 går det fram at det vart avdekka eit avvik under tilsynet.

Avvik 1

«Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova»

Fylkesmannen har i samråd med Bremanger kommune sett frist for lukking av avviket i rapporten til den 19.10.2012.

Den 26. mars 2013 mottok kontrollutvalet e-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølbeg med ei skriftleg orientering om saka.

I kontrollutvalsmøte den 15.04.2013 i sak 11/13 «Orientering – om fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane» vart det vedteke å kalle inn rådmannen for å gje ei orientering om status i arbeidet med lukking av avvik i rapporten.

Administrasjonen i Bremanger kommune er pr. brev 17.04.13 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei orientering vedrørande status i arbeidet med lukking av avvik i rapporten.

Rapporten er vedlagt.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Bremanger kommune
Postboks 194
6721 BREMANGER

Førde, 17.04.2013

Dykkar ref.:

Vår ref: Vø

Jnr.: 134/13

Arkiv: Bremanger

ORIENTERING OM FYLKESMANNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

kontrollutvalsmøte i Bremanger den 15.04.2013 i sak 011/13 «Orientering – Om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte for å gi ei orientering vedrørende status i arbeidet med lukking av avvik i rapport av 28.06.2012 etter Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.*

Den 16.05.2012 hadde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn med barnehagane i Bremanger kommune. I rapporten frå Fylkesmannen den 28.06.2012 går det fram at det vart avdekka eit avvik under tilsynet.

Avvik 1

«Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova»

Fylkesmannen har i samråd med Bremanger kommune sett frist for lukking av avviket i rapporten til den 19.10.2012.

Vi ber difor om ei ei orientering vedrørende status i arbeidet med lukking av avvik i rapport av 28.06.2012 etter Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.
Neste møte i kontrollutvalet i Bremanger er sett til 27. mai 2013.

Med helsing


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

TILSYN med Bremanger kommune – rapport

**Bremanger kommune
Rådhuset
Postboks 104
6721 Svelgen**

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar
Anne Marte Sæle - revisor

Kontaktperson i kommunen:
Gunnar Skjølberg

Regelverk:

- Lov om barnehagar
- Rammepplan for barnehagen
- Forvaltningslova

Tilsynet omhandla følgjande emne:

- Kommunen som godkjenningssmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Barnehagelova § 12 a rett til barnehageplass
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18

Fylkesmannen avdekka eit avvik under tilsynet.

Avvik 1

Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.

Dato, 28.06. 2012

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar

Anne Marte Sæle, revisor

Innhald:

1. Innleiing
2. Tema for tilsyn
3. Dokumentunderlag
4. Avvik
5. Klagerett
6. Gjennomføring
7. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Bremanger kommune 16.05. 2012. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet har merksemd på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekkja under tilsynet og eventuelle merknader som vart gjevne. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemynde.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Bremanger kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og uttalt
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- **AVVIK** er mangel på oppfyling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- **MERKNAD** er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbedringspotensiale.

2. Tema for tilsynet

- Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen si handtering av regelverket rett til plass i barnehage jf. barnehagelova § 12a
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av pedagognorm og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18

Tilsynet skal kontrollere at kommunen fører tilsyn med alle barnehagane i kommunen og kommunen sin godkjenningspraksis. Tilsynet blir utført som systemrevisjon.

3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarande
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- verksemdsplan og årsplan for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet
- godkjenningsdokument for alle barnehagane og oppvekstsenter i kommunen
- kommunen sin rutine for tildeling av barnehageplass
- oversikt som viser tal søkarar ved siste hovudopptak
- oversikt som viser detaljert venteliste ved siste hovudopptak
- vedtektene for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet
- kommunen sin plan for tilsyn
- oversikt over gjennomførte tilsyn og tilsynsrapportar frå 2010 til dd
- dokumentasjon frå barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet som viser oversikt over styrarressurs, bemanning og barnegrupper slik dei er i dag

4. Avvik

Det vart gitt eit avvik under tilsynet

Avvik 1

Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.

Barnehagelova § 10 Godkjenning.

"Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2. Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen."

Lovkommentar

Kommunen godkjenner barnehagedrift ut frå søknad, og etter vurdering av korleis barnehagen er eigna i høve formål og innhald jf. §§ 1, 1a og 2.

Kommunen skal gjere ei konkret vurdering av dei fysiske rammene, dvs. om lokala og uteområda er eigna for drift av barnehage. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsareala inne. Kommunen skal vurdere om bemanninga er forsvarleg og om krav til pedagognorm er halden. Kommunen skal kontrollere vedtektene.

Ved godkjenning vert det i tillegg stilt krav om godkjenning etter anna regelverk som:

- Plan og bygningslova 14.juni 1985 nr. 77
- Byggforskrifta vedteken 22. januar 1997
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular vedteken 1. desember 1995
- Arbeidsmiljølova 17. juni 2005 nr. 62
- Brann – og eksplosjonsvernlova 14. juni 2002 nr. 20
- Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vedteken 26. juni 2002
- Forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr vedteken ved kgl.res. 19. juni 1996 med heimel i lov 11. juni 1976 nr. 79 om kontroll med produkt og forbrukarteneste

For å godkjenne barnehagen etter barnehagelova § 10 må godkjenning i anna regelverk ligge ved. Godkjenninga av barnehagar er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 b. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve.

5. Klagerett

Pålegg om endring er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast til Utdanningsdirektoratet. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til kommunen, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Om utforming av klage sjå forvaltningslova § 32.

6. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsend 20.02 2012.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 23.04. 2012.

Opningsmøte vart gjennomført 16.05. 2012

Det vart utført intervju med seks personar 16.05.12 2012.

Sluttmøte vart gjennomført 20.06.2012.

7. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Opp- summering	Sluttmøte
Karl Vidar Førde	Ordførar	X			
Gunnar Skjølberg	Etatssjef oppvekst	X	X	X	X
Isak Berle	Driftssjef Kalvåg barnehage	X	X	X	
Helge Bakke	Driftssjef Davik barnehage	X	X	X	
Henny Frøystad Almenning	Fagleiar Davik barnehage	X	X	X	
Carina Solvåg	Driftssjef Svelgen oppvekst	X	X	X	
Kari Rita Frøyen	Fagleiar Svelgen oppvekst	X	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok Bodhild Therese Cirotzki og Anne Marte Sæle

Øvrebø Vidar

Fra: Gunnar Skjølberg <Gunnar.Skjolberg@bremanger.kommune.no>
Sendt: 26. mars 2013 11:36
Til: Øvrebø Vidar
Kopi: Tom Joensen
Emne: VS: Tilsynsrapportar Fylkemannen

Viser til telefonsamtale nett no om tilsyn og godkjenning av barnehagar. Bremanger kommune er ikkje ferdig med godkjenninga for alle 7 barnehagane våre. 4 er til no godkjende (og stadfesta av Fylkesmannen). Årsaka til at godkjenningsprosessen har vorte langdryg, er at vi har leigd inn ekstern hjelp når det gjeld den biten som går på miljøretta helsevern. Vedkommande som har oppdraget har pr dato ikkje komme lenger enn til dei fire barnehagane som kommunen har følgd opp med godkjenning. Brannvern, internkontroll, leikeplassar etc. har vi på plass rutineane for, men manglar altså godkjenning etter miljøretta helsevern som er eit naudsynt grunnlag for totalgodkjenninga av barnehagane – og det gjeld dei tre siste. Kan ikkje oppgje ein fast dato for når desse er godkjende.

Med helsing

Gunnar Skjølberg

- *kommunalsjef oppvekst –
tlf. 95988710*

024/13 ORIENTERING – INNKJØPSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	024/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til rådmannen «Orientering om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune», den 16.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering
- Sak 008/13 Skriv og meldingar

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING – INNKJÅØPSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann i Bremanger kommune orienterer om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Den 27.02.2012 orienterte rådmannen kontrollutvalet om innkjøpsrutinar i Bremanger kommune. I vedtaket i saka ber kontrollutvalet om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørende innkjøpsordningar. Kontrollutvalet har ikkje motteke den nemnde dokumentasjon.

I kontrollutvalsmøte i Bremanger den 15.04.2013 i sak 008/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Ad SM 12/13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulestøl – «Er leverandørane/kundane til kommunen nøgde?», datert 4. april 2013.*

Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet som det vart orientert om i sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering ved rådmann den 27.02.2012.

I Brev den 16.04.2013 ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Bremanger kommune
Postboks 194
6721 BREMANGER

Førde, 16.04.13

Dykkar ref.:

Vår ref: Vø

Jnr.: 128/13

Arkiv: Bremanger

ORIENTERING OM INNKJØPSFUNKSJONEN I BREMANGER KOMMUNE

kontrollutvalsmøte i Bremanger den 15.04.2013 i sak 008/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Ad SM 12/13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulestøl – «Er leverandørane/kundane til kommunen nøgde?», datert 4. april 2013.*

Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet som det vart orientert om i sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering ved rådmann den 27.02.2012.

I kontrollutvalssak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering ved rådmann den 27.02.2012 vart det gjort følgjande vedtak:


- *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørende innkjøpsordningar.*
- *Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande*

Kontrollutvalet har ikkje motteke dokumentasjon som syner at system og rutinar vedrørende innkjøpsordninga som ifølge orienteringa skulle settast i verk av Bremanger kommune er gjort.

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.
Neste møte i kontrollutvalet i Bremanger er sett til 27. mai 2013.

Med helsing



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

025/13 OVERORDNA ANALYSE - PLAN FORVALTINGSREVISJON 2013 – 2016 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	025/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- E-post frå Sekom sekretariat til Bremanger kommune, datert 15.05.2013.
- Brev frå Kryss revisjon til Bremanger kommune, datert 23.04.2013.
- Notat frå kontrollutvalet til Bremanger kommune, datert 18.04.2013.
- Brev frå KRYSS revisjon til Sekom sekretariat, datert 13.05.203.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 026/11, 28/12, 03/13 og 08/13..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå sekretariatet sine vurderingar.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OVERORDNA ANALYSE - PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2013 - 2016- BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebo

Innleiing – Kva saka gjeld

Revurderingar i overordna analyse.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 15.04.2013 gjorde kontrollutvalet med grunnlag i diverse skriv og meldingar som låg føre i møtet bl.a. følgjande vedtak i sak 008/13 Skriv og meldingar: *Ad SM 12/13 Brev frå Leo Cirotzki til kontrollutvalet v/leiar Harry Gulestøl – «Ref overordna analyse datert 26.10.2012», datert 04.03.2012 – Kontrollutvalet sender eit notat som tillegg til sak 003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 Bremanger kommune. Notatet skal innehalde essensen frå avsnitt 3, 4 og 5 i brev frå Leo Cirotzki.*

18.04.2013 har kontrollutvalet v/dagleg leiar i Sekom sekretariat sendt notat til Bremanger kommune, slik som det går fram av vedtaket. Notatet ligg ved saka.

23.04.2013 har KRYSS revisjon sendt brev til Bremanger kommune der dei kjem med reaksjonar på måten kontrollutvalet har gått fram på. Det vert vist til brevet, som ligg ved, for detaljar.

15.05.2013 har Sekom sekretariat etter samtale med kontrollutvalsleiar sendt e-post til rådmann og ordførar i Bremanger kommune og bede om å få tilsendt ovanfor nemnde brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune, og samstundes varsla om at kontrollutvalet vil ta saka opp på nytt i kontrollutvalsmøtet 27.05.2013.

13.05.2013 har KRYSS revisjon sendt brev til SEKOM sekretariat der dei påpeikar at dei ikkje har fått høve til å uttale seg vedrørande nemnde notat og at dei krev innsyn i saka.

Revisor vert kalla inn i saka.

Sekretariatet sine vurderingar.

Sekretariatet legg fram saka med følgjande alternativ til vedtak:

1. Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram, slik som det går fram av sak 03/13 Plan for forvaltningsrevisjon.
2. Kontrollutvalet ber om KRYSS revisjon sin uttale til notat før saka på nytt vert sett opp på saklista i kontrollutvalet.

Tveit Asgeir

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 15. mai 2013 14:08
Til: 'karl.vidar.forde@bremanger.kommune.no';
'tom.joensen@bremanger.kommune.no'
Kopi: Tveit Asgeir; 'Harry Gulestøl'
Emne: Brev frå KRYSS-revisjon

Vi ber om å få tilsendt brev frå KRYSS-revisjon som omhandlar «Notat basert på e-post frå nestleiar i kontrollutvalet til leiar i kontrollutvalet», datert 18.04.2013.

Kontrollutvalet tek sak 028/12 «Overordnaanalyse Bremanger» opp på nytt i møtet 27. mai 2013. Sekretariatet skal sende ut innkalling i morgon, og ber difor om svar snarast.

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 21
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 82 02 00

Bremanger Kommunestyre
v/Ordføreren

6723 SVELGEN

Dykkar ref.:
Innkalling 17.04.13
K-Sak 023/13
Notat 180/13 frå SEKOM

Vår ref.:
\\KU Bremanger\
BrevKST230413

Arkivkode:
216

Journlnr.:
/ 2013

Dokumentdato:
23. april 2013

**K-SAK 023/13,
KONTROLLUTVALSSAK 003/12, Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 :**

Kommentarar

Forkortingar i dette notatet.

OA = overordna analyse
KU = kontrollutvalet

Innleiing

Ovannemnde sak ligg føre til Kommunestyret i møte den 26.april 2013 som sak 023/13. I etterkant av utsendinga av innkallingspapirene frå Ordførar den 17.april 2013, er det tilkome eit nytt tilleggs-dokument med nemninga 'Notat basert på e-post frå nestleiar i Kontrollutvalet til Leiar i Kontrollutvalet'.

Dokumentet er utsendt pr e-post som særskilt notat og vedlagt k-sak 023/13 i kommunestyret den 26.april.2013.

Vi har motteke dokumentet frå formannskapssekretæren i Bremanger kommune i e-post av 19.april.2013.

Kjernen i saka

I dokumentet framgår det at kontrollutvalet meiner at ein av dei største risikoane i 2012 for kommunen ikkje er omtala i OA.

Vi siterer frå dokumentet:

Kontrollutvalet ser det slik at ein av dei større risikoane i 2012 var at revisor la ned arbeidet, og at kommunen av denne grunn sto i fare for å ikkje få tilført rettmessige tilskot. Sitat slutt.

Historikk

Denne påstanden ser vi det som naudsynt å belyse og forklare kronologisk.

Opptakten slik vi ser det, til risikovurderinga gjort av kontrollutvalet sjølv i dette dokumentet skriv seg attende til kontrollutvalet sine møte 27.februar og 01.mars 2012, og kommunestyret si handsaming og vedtak 15.mars 2012.

Vi syner også til kommunestyrevedtak og sakshandsaminga i kommunestyremøtet den 27. mars 2012.

Syner også til sak i kontrollutvalet 19.oktober 2012 sak 024/12 der kontrollutvalet, utan saksutgreiing, gjorde vedtak om å stille spørsmål kring KRYSS – revisjon sin habilitet.

Vi syner til KU sitt vedtak 28.november 2012, sak 027/12 om kontrakt og habilitet mellom KRYSS – revisjon og forhandlingsutvalet i Bremanger kommune. I den samanheng syner vi til sakshandsaming og korrespondanse mellom KU og fylkesmannen utan at KRYSS – revisjon vart orientert eller gjeve mulighet til uttale før vedtak vart fatta.

Som ein konsekvens av at Bremanger kommunestyre utan saksutgreiing og med vising til faktisk og reell handsaming i saka den 15. mars 2012 (sak 020/12) sa opp avtalen med KRYSS – revisjon, sendte revisjonssjefen eit varsel til kommunestyret ved ordførar. I varselet vart det stilt spørsmål om kommunestyret hadde vurdert risikoen kring det faktum at revisor måtte legge ned verva sine umiddelbart, gitt den måten saka kom opp på og vedtaket vart til på.

Kommunestyret vart innkalla til ekstraordinært møte 27.mars 2012, der vedtaket av 15.mars 2012 vart gjort om inkje.

KRYSS – revisjon mottok brev av 23.mars 2012 frå varaordførar med erklæring om at det ikkje er grunnlag for mistillit til korleis revisjonsarbeidet vert ivareteke av KRYSS – revisjon.

Utover i 2012 pågjekk det ein dialog mellom kommunen sitt forhandlingsutval og styreleiar og nestleiar i Samstyret. Samstyret gjorde eit samrøystes vedtak med krav om offentleg årsaking frå kommunen.

Den saka er avvist av forhandlingsutvalet utan politisk handsaming så vidt vi veit.

19.oktober 2012 sak 024/12 tek kontrollutvalet på nytt opp spørsmål om KRYSS – revisjon sin habilitet overfor Bremanger kommune. Også då utan saksutgreiing, der kontrollutvalet gjer vedtak om å få vurdert habiliteten til KRYSS – revisjon.

Samstyret vert sjølv sagt gjort kjend med vedtaket. Dei reagerte som ein konsekvens av ytterleg spørsmål kring vår habilitet.

24.okotber 2012 gjer samstyret vedtak om at ein ikkje kan leve med tvil om selskapet sin habilitet, og kravde umiddelbart svar og seinast innan 07.november 2012. Bremanger kommune vart i samstyret sitt vedtak også varsla om at dersom kommunen vurderte KRYSS revisjon som inhabil, måtte sjølv sagt all revisjon innstillast umiddelbart.

Bremanger kommunestyre har seinare¹ gjort vedtak om at dei på ny har full tillit til KRYSS – revisjon.

Notat av 18.april 2013 sendt kommunestyret er ikkje formelt handsama som dokument i eit KU møte. Dette er skrive etter at møtebok ligg føre frå KU møtet den 15.april 2013.

¹ Sak 094/12 den 08.november 2012

Våre reaksjonar på sakshandsaminga i sak om OA og plan for forvaltningsrevisjon.

Fyrst og fremst:

Vi i KRYSS - revisjon har etterlevd revisjonsstandardane både i 2012 og 2013.

- KU hadde OA til handsaming som sak i møtet 28.november 2012 sjå sak 28/12. I saka låg OA og vedlegga til denne. I tillegg gav revisjonen ein presentasjon av OA i møtet, og den var framlagd slik at det var høve til spørsmål og diskusjon om innhaldet i analysa.
Revisor fekk gode attendemeldingar og det var konstruktive diskusjonar i møtet. KU gjorde vedtak om å legge OA til grunn for prioritering av prosjekt inn i ein plan for forvaltningsrevisjon.
- Vi registrerar no at OA og vedlegga til den ikkje ligg ved sakstilfanget til kommunestyret 26.april 2013. Kvifor ?
- Vi registrerar at særutskrifta frå saka i kontrollutvalet ikkje ligg ved i k-saka. Kvifor ?
- Vi registrerar også at e-post og brev av 03.april 2013 frå nestleiar til leiar i KU ikkje er lagt ved kommunestyresaka. Kvifor ?
- Vi gjer merksam på at revisor ikkje hadde høve til å være tilstades i KU møtet den 15.april. Det vart tatt opp med sekretariatet og leiar i KU som i e-post av 08.april 2013 gav svar tilbake at KU treng ikkje kalle inn revisor til møtet.
- Revisor har ikkje vore førespurd, vi har ikkje vorte gjeve mulighet til å uttale oss før vedtak i KU vart fatta. Det ligg heller ingen formell saksutgreiing føre frå sekretariatet i KU- saka av 15.april 2013. Kvifor ?

Etter vår oppfatning er ovannemnde forhold vesentlege mangler i saka.

Oppsummering

KU har godkjent OA i møte. Det vedtaket står. KU har i nytt vedtak kritisert same OA med vising til det dei meiner er ein vesentleg risiko ikkje omtala i OA.

Årsaka til deira kritikk av sitt eige vedtak er, slik vi ser det, at revisor tok konsekvensen av vedtak gjort av kommunestyret i Bremanger om oppseiing, - seinare tilbakekalling av oppseiinga, og to samrøystes kommunestyrevedtak² om full tillit til KRYSS - revisjon.

Vi har også peika på det vi meiner er manglar i sakshandsaming og utgreiing av saker i KU seinare førelagt kommunestyret.

KU er kommunestyret sitt politiske tilsynsorgan.

² Som leiar og nestleiar i KU har stemt for i kommunestyret.



Er kommunestyret samd med KU i at revisor er ein av dei største risikoane for økonomisk tap i Bremanger kommune?

Stiller kommunestyret seg bak sakshandsaminga som har funne stad i KU i samband med OA og det som no ligg føre i notat frå SEKOM- sekretariat datert 18.april 2013?

Førde den 23. april 2013

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 197, 6801 Førde


Terje Førde/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef


Charles Lutsheim
Oppdragsansvarleg
forvaltningsrevisor
 **KOMMUNEREVISJONEN**
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

- Vedlegg: 1.Vedtak i KU – sak 08/13
2. Brev av 04.mars 2013 frå nestleiar i KU til leiar i KU
3. Notat frå SEKOM sekretariat datert 18.april 2013

NOTAT BASERT PÅ E-POST FRÅ NESTLEIAR I KONTROLLUTFVALET TIL LEIAR I KONTROLLUTVALET

I kontrollutvalsmøte i Bremanger den 15.04.2013 i sak 008/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

Ad SM 11/13 Brev frå Leo Cirotzki til kontrollutvalet v/leiar Harry Gulesøl – «Ref. overordna analyse, datert 26.10.2012», Datert 04.03.2013.

- *Kontrollutvalet sender eit notat som tillegg til sak 003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016 Bremanger kommune. Notatet skal innehalde essensen frå avsnitt 3,4 og 5 i brev frå Leo Cirotzki datert 04.03.2013.*

Kontrollutvalet har fått presentert overordnaanalyse i kontrollutvalsmøte 28.11.2012. Kontrollutvalet har ikkje fått framlagt underliggjande dokument for analysen. For å forstå korleis analysen er utført for kommunen, burde kontrollutvalet fått tilgang til dette grunnlaget.

Kontrollutvalet meiner at ein av dei største risikoane i 2012 for kommunen ikkje er omtala i overordna analyse.

Kontrollutvalet ser det slik at ein av dei større risikoane i 2012 var at revisor la ned arbeidet, og at kommunen av denne grunn sto i fare for å ikkje få tilført rettmessige tilskot. Ved eit seinare høve i 2012 vurdert revisor igjen å leggje ned arbeidet. Kontrollutvalet ser det som ein stor risiko at kommunen i ein periode kan verte ståande utan revisor. Kontrollutvalet saknar omtale av denne risikoen i overordna analyse.

For Kontrollutvalet den 18.04.2013

Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

SEKOM-Sekretariat
v/Dagleg leiar
Postboks 338
6802 FØRDE

Dykkar ref.:
Notat 18.04.13 sendt
Bremanger kommunestyre

Vår ref.:
KU-møte150413/Bre

Arkivkode:
216

Journalnr.:
069/2013

Dokumentdato:
13. mai 2013

INFORMASJONSFLYT FRÅ SEKOM-SEKRETARIAT

I vedlegg ser De korleis KRYSS Revisjon blei orientert og gjort kjend med innhaldet i 'Notat' sendt frå Kontrollutvalet v/SEKOM 18.04.13, sendt til Bremanger Kommunestyre. Dette er vi lite tilfredse med, og den måten å utøve (manglande) dialog og kommunikasjon på med kommunen sin revisor, og det frå kommunen sitt eige tilsynsorgan, Kontrollutvalet, og deira sekretariat (SEKOM), tek vi sterk avstand ifrå. Vi var ikkje til stades i møtet og har heller ikkje blitt orientert eller gjeve høve til å uttale oss, før vedtak blei gjort, og utan saksutgreiing. Vi er heller ikkje blitt gjeve høve til å uttale oss etter møtet, før notatet blei ført i pennen av dagleg leiar i SEKOM. Ein slik praksis er etter vår oppfatning sterkt kritikkverdig og bryt med sakshandsamingsreglane for kommunal sakshandsaming.

Notatet som er sendt Kommunestyret, er eit offentleg dokument og er sendt ut til Kommunestyre-representantane og media, som tilleggsdokument, i ekstrasending av innkallingspapirene, i sak 023/13; jfr. e-posten hit frå Bremanger kommune, frå 19.04.12, sjå vedlegg.

Revisor eller KRYSS Revisjon har ikkje motteke Notatet frå korkje Kontrollutvalet eller SEKOM til dags dato! Og det omhandlar oss - kommunen sin revisor – med bl.a. påstand som "ein av dei største risikoane i 2012 var at revisor la ned arbeidet.....".

Vi ser av Notatet at det ikkje har dokumentid og heller ikkje journalnr., eller signatur.

KRYSS Revisjon som selskap har den 3. d.m. sendt eige skriv til SEKOM med krav om innsyn i alle dokumenta i Bremanger kommune sitt kontrollutval si sak 008/13, og dei vedtak som er gjort i den saka; - som er innretta mot revisor og KRYSS Revisjon. Det skrivet er sendt frå KRYSS Revisjon som selskap, v/Styreleiar, og det er ei sak som Samstyret i KRYSS Revisjon og Styreleiar tek seg av.

Vi tør be om ein kopi av SEKOM si postliste for alt som har med denne saka å gjere, frå Leo Cirotzki sitt brev av 04.03.13, og fram til dags dato.

Med helsing
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Vedlegg: E-post 19/4 m/vedlegg frå kommunen

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

026/13 RETTING AV OPPLYSNINGAR I BREV TIL FYLKESMANNEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.05.2013	026/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Brev frå Sekom sekretariat til KRYSS revisjon

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalsak 08/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet trekkjer brev til KRYSS revisjon, datert 16.04.2013 om retting av opplysningar i brev til fylkesmannen.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

RETTING AV OPPLYSNINGAR I BREV TIL FYLKESMANNEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Brev frå kontrollutvalet til KRYSS revisjon

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 15.04.2013 gjorde kontrollutvalet med grunnlag i SM 13-13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulestøl – «Brev til fylkesmannen om samansetning av kontrollutval Bremanger kommune», datert 04.04.2013 og SM 17-13 «E-post frå kommunerevisor Trine Vokuhl til kontrollutvalet – KU-møte 28.11.2013», datert 30.11.2013 bl.a. følgjande vedtak i sak 008/13 Skriv og meldingar:

Kontrollutvalet peikar på at det er fleire faktafeil i brev til fylkesmannen enn det som er nemnt i ovannemnde e-post. Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon sende ei presisering til fylkesmannen på dei tre punkta som er nemnde i SM 13-13.

16.04.2013 har kontrollutvalet v/dagleg leiar i Sekom sekretariat skrive brev til KRYSS revisjon og bede dei om å sende ei retting til Fylkesmannen på dei opplysningane som har vore feil.

03.05.2013 har KRYSS revisjon sendt brev til Sekom sekretariat der dei peikar på at kontrollutvalet ikkje har instruksjonsrett overfor revisor.

Sekom sekretariat innser at så er tilfelle og rådar kontrollutvalet til å trekkje brevet.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 Førde

Førde, 16.04.2013.

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 127/13

Arkiv: Bremanger

RETTING AV OPPLYSNINGAR I BREV TIL FYLKESMANNEN

I kontrollutvalsmøte i Bremanger den 15.04.2013 i sak 008/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

Ad SM 17/13 E-post frå kommunerevisor Trine Vokhul til kontrollutvalet - "Ku møte 28. Nov.2012», datert 30.11.2012. (Lagt fram i møte). Kontrollutvalet peikar på at det er fleire faktafeil i brev til fylkesmannen enn det som er nemnt i ovannemnde e-post. Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon sende ei presisering til fylkesmannen på dei tre punkta som er nemnde i SM 13/13.

Av e-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulestøl av 26. februar 2013, går det fram at det var følgjande faktafeil om kontrollutvalssamansetninga i Bremanger kommune, i KRYSS-revisjon sin e-post til Fylkesmannen, datert 02.10.2012.

Pkt 1

Utan å kjenne til arbeidsoppgåvene til ektefellen til leiar i KU kan ein ikkje vurdere leiar som ugild for arbeid i KU. Normalt vert spørsmålet om ugild vurdert frå sak til sak.

Dette er eit spørsmål som KU handterer i dag og vurderar slik det er forventa.

Pkt 2

Nestleiar i KU er ikkje tilsett i kommunen sin beredskapsvakt. Nestleiar er leigd inn i samarbeid om brannvern som vart etablert i 2007 mellom BK og EB.

Nestleiar er tilsett hjå Elkem Bremanger og har ingen arbeidsforhold med BK.

Overskridingane i beredskapen er uriktig plassert som etterfakturering for 2009 og 2010 i januar 2011. Ved ettersyn viser det seg at i januar 2011 vart det fakturert eit feil høgt beløp tilsvarande overskridingane.

Pkt 3

Innvald vara til fast medlem i KU har ikkje ektefelle som arbeidar på løns og personalkontor.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 3705.08.32571 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Vi ber om at det vert sendt ei retting til Fylkesmannen på dei opplysningane som har vore feil.

Med helsing



Vidar Øvrebb

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 3705.08.32571 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	

027/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	27.05.2013	027/13 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 3-2013 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 BREMANGER - MERKNADER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følge opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 16.05 2013

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11	Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten.	14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørende SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmode om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå.
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU: 1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørende innkjøpsordningar. 2. Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
026/12 Skriv og meldingar	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU - Vedrørende SM 46-12: Det vert purra på tilsvar frå Bremanger kommune til Fylkesmannen på rapport etter tilsyn med Bremanger kommune etter bl.a. barnehagelova, datert 28.06.2012. 29.11.12 Brev til Bremanger kommune. ???.?? Svar motteke SM 05-13. Skriv og meldingar vert elles tekne til vitande.
027/12 Vurdering av kontrakt og habilitet i samb med kommunikasjon mellom KRYSS revisjon og FHU i Bremanger.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU: - - Kontrollutvalet tek saka til vitande.
028/12 Overordna analyse.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU.
029/12 Plan for selskapskontroll	28.11.12		28.11.12 Tilråding til kst. 28.11.12 s. kst. 13.12.12 Vedtak kst sak 109/12.
002/13 Skriv og medlingar	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: Ad SM 05-13: Kontrollutvalet ber om tilsvaret som Bremanger kommune gav Fylkesmannen etter rapport om Tilsyn etter barnehagelova. Ad SM 06-13: Kontrollutvalet ber om å få rapport etter selskapskontroll utført av

			<p>kontrollutvalet i Fylkeskommunen framlagt som sak i neste møte i kontrollutvalet.</p> <p>Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.</p> <p>18.03.13 E-post Purring om tilsyn etter barnehagelova.</p>
003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU: Tilråding av plan til kommunestyret.</p> <p>- 28.02.13 Plan sendt til Kst.</p>
004/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU:</p> <p>28.02.13 Årsmelding sendt til Kst.</p>
005/13 Møteplan 2013	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU: Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger vert godkjent.</p>
006/13 Oppfølgingsliste 1-2013 – merknadar - Bremanger	25.02.13		<p>25.02.13: Vedtak KU:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet vil til neste møte ha følgjande sak på saklista: - Oppfølging av kommunestyret sine merknadar til rapporten om Sjølvkostberekningar VAR-sektoren. - Orientering om tiltak i høve til avvik i barnevernet. <p>Frist for lukking av avvik er 19.10.2012.</p>
007/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet ber sekretariatet setje på sluttidspunkt på framtidige møteinnkallingar til kontrollutvalet.</p>
008/13 Skriv og medlingar	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Ad SM 07/13 Selskapskontroll (Eigarskapskontroll) – Firda Billag AS. Utført av SF Revisjon på oppdrag av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2011. Kontrollutvalet sender rapporten til kommunestyret til orientering.</p> <p>Ad SM 09/13 "Kontrollrapport 2012 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bremanger kommune." Kontrollutvalet ber rådmannen v/skatteoppkrevjaren om ei generell orientering om arbeidet til Skatteoppkrevjaren. Kontrollutvalet vil også be skatteoppkrevjaren orientere om uteståande restansar og tal utførte arbeidsgjevarkontrollar i Bremanger kommune. Rådmannen vert kalla inn i saka for å gje ei munnleg orientering.</p> <p>Ad SM 10/13 Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon om å få lagt fram kontrollrapporten etter siste kontroll som KRYSS-revisjon har vore gjenstand for. Ref side 123 i kontrollutvalsboka.</p> <p>Ad SM 11/13 Brev frå Leo Cirotzki til kontrollutvalet v/leiar Harry Gulesøl – «Ref overordna analyse, datert 26.10.2012», Datert 04.03.2013.</p> <p>- Kontrollutvalet sender eit notat som tillegg</p>

		<p>til sak 003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016 Bremanger kommune. Notatet skal innehalde essensen frå avsnitt 3,4 og 5 i brev frå Leo Cirotzki datert 04.03.2013.</p> <p>Ad SM 12/13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulesøl – «Er leverandørane/kundane til kommunen nøgde?», datert 4. april 2013.</p> <p>Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet som det vart orientert om i sak 003/12 Innkjøpsrutinar - orientering ved rådmann den 27.02.2012.</p> <p>Ad SM 16-13 Fagkonferanse kontroll og tilsyn, Gardermoen 5-6 juni 2013. Kontrollutvalsleiar Harry Gulestøl vil bli meldt på fagkonferanse. Sekretariatet melder på.</p> <p>Ad SM 17/13 E-post frå kommunerevisor Trine Vokhul til kontrollutvalet «KU møte 28. nov. 2012» datert 30.11.2012. (Lagt fram i møte). Kontrollutvalet peikar på at det er fleire faktafeil i brev til fylkesmannen enn det som er nemnt i ovannemnde e-post. Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon sende ei presisering til fylkesmannen på dei tre punkta som er nemnde i SM 13/13.</p> <p>17.04.13 Brev til KRYSS-revisjon – «Retting av informasjon til Fylkesmannen».</p> <p>17.04.13 Brev til Bremanger kommune - Orientering om innkjøpsfunksjonsn til Bremanger.</p> <p>17.04.13 Brev til KRYSS-revisjon - «Kontrollar hjå revisor»</p> <p>17.04.13 Brev til Bremanger kommune - Orientering skatteoppkrevjar Bremanger kommune.</p> <p>17.04.13 Selskapskontroll Firda Billag til Kst til orientering.</p> <p>18.04.13 Sendt notat - til kommunestyret til sak 003/13 Plan for forvaltningsrev.</p>
009/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	15.04.13	<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 09. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.</p> <p>17.04.13 Sak 09/13 Vurdering av oppdragsansv. revisor sin uavhengigheit til kst. til orientering.</p>

010/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapp ort – Sjølvkostberekningar VAR sektoren»	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012.</p> <p>16.04.13 Brev til Bremanger kommune – svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12</p>
011/13 Orientering om Fylkeamannen sitt tilsyn med barnehagane.	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen til neste møte for å gi ei orientering vedrørende status i arbeidet med lukking av avvik i rapport av 28.06.2012 etter Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.</p> <p>17.04.13 Brev til Bremanger kommune – «Orientering Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane».</p>
012/13 Oppfølgingsliste 2-2013 – merknadar - Bremanger	15.04.13		<p>15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 006/13 Oppfølgingsliste 1-2013 merknadar - Bremanger:</p> <p><i>Kontrollutvalet vil til neste møte ha følgjande sak på saklista: Orientering om tiltak i høve til avvik i barnevernet.</i></p> <p>Kontrollutvalet ynskjer difor å kalle inn rådmannen til neste møte for å orientere om tiltak i høve til avvik i Rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn i Bremanger kommune, datert 06.01.2012. på neste møte.</p> <p>22.04.13 Brev til rådmannen - «Rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid med undersøkingar, evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn i Bremanger kommune»</p>

Oppdatert 16.05.13.